



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2020 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer:	937 897 286
Organisasjonsform:	Sparebank
Foretaksnavn:	VOSS SPAREBANK
Forretningsadresse:	Vangsgata 18 5700 VOSS

Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2020 - 31.12.2020
-------------------------	-------------------------

Konsern

Mørselskap i konsern:	Ja
Konsernregnskap lagt ved:	Ja

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	IFRS
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til konsernet:	IFRS

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Arne Morten Lirhus
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	02.03.2021

Grunnlag for avgivelse

År 2020: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2019: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2020

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 05.06.2022



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
RESULTATREKNESKAP			
Renteinntekter og liknande inntekter			
Renter og liknande inntekter av utlån til og krav på kredittinstitusjonar		1 362 000	2 407 000
Renter og liknande inntekter av utlån til og krav på kundar		120 386 000	133 392 000
Renter og liknande inntekter av sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir		3 038 000	3 097 000
Sum renteinntekter og liknande inntekter	23	124 786 000	138 896 000
Rentekostnader og liknande kostnader			
Renter og liknande kostnader på gjeld til kredittinstitusjonar		1 434 000	2 316 000
Renter og liknande kostnader på innskot frå og gjeld til kundar		27 269 000	32 789 000
Renter og liknande kostnader på utskrivne verdipapir		3 810 000	3 672 000
Andre rentekostnader og liknande kostnader		2 164 000	1 877 000
Sum rentekostnader og liknande kostnader	23	34 677 000	40 654 000
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	23	90 109 000	98 242 000
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning			
Inntekter av aksjar, partar og andre verdipapir med variabel avkastning		2 822 000	5 001 000
Inntekter av eigarinteresser i konsernselskap		216 000	-13 000
Sum utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning		3 038 000	4 988 000
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester			
Garantiprovisjon		531 000	855 000
Andre gebyr og provisjonsinntekter	24	10 378 000	11 488 000
Sum provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		10 909 000	12 343 000
Provisjonskostnader og andre kostnader ved banktenester			
Andre gebyr og provisjonskostnader	24	2 865 000	3 036 000
Sum provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		2 865 000	3 036 000
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmiddel			
Netto verdiendring og gevinst/tap på sertifikat, obligasjonar og		208 000	86 000



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
andre renteberande verdipapir			
Netto verdiendring og gevinst/tap på aksjar og andre verdipapir med variabel avkastning		656 000	2 338 000
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle derivat		328 000	532 000
Sum netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmiddel	31	1 192 000	2 956 000
Andre driftsinntekter			
Sum andre driftsinntekter		0	0
Lønn og generelle administrasjonskostnader			
Lønn	25,26, 27	17 637 000	17 911 000
Pensjonar		986 000	942 000
Sosiale kostnader		4 289 000	4 763 000
Lønn m.v.		22 912 000	23 616 000
Administrasjonskostnader	25	17 658 000	16 895 000
Sum lønn og generelle administrasjonskostnader		40 570 000	40 511 000
Avskrivningar m.m. av varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar			
Ordinære avskrivningar	32	131 000	345 000
Sum avskrivningar m.m. av varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar		131 000	345 000
Andre driftskostnader			
Driftskostnader faste eigedommar		218 000	424 000
Andre driftskostnader		9 183 000	7 872 000
Sum andre driftskostnader		9 401 000	8 296 000
Tap på utlån, garantiar m.m.			
Tap på utlån	5,6,8,1 1,12	2 614 000	820 000
Tap på garantiar m.v.		145 000	
Sum tap på utlån, garantiar m.v.		2 759 000	820 000
Nedskrivning/reversering av nedskrivning av gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmiddel			



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
Sum nedskrivning/reversering av nedskrivning og gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmiddel		0	0
Resultat av ordinær drift		49 522 000	65 521 000
Skatt på ordinært resultat		12 356 000	16 402 000
Resultat av ordinær drift etter skatt		37 166 000	49 119 000
Ekstraordinære inntekter		0	0
Ekstraordinære kostnader		0	0
Skatt på ekstraordinært resultat		0	0
Resultat av ekstraordinære poster		0	0
Resultat for rekneskapsåret før minoritetsinteresser	38	37 166 000	49 119 000
Minoritetsinteresser		0	0
Resultat for rekneskapsåret		37 166 000	49 119 000
Andre resultatkomponent for IFRS-føretak	28,31, 37	15 324 000	0
Totalresultat		52 490 000	49 119 000
Overføringer og disponeringar			
Overført til fond i sparebanken		33 166 000	45 119 000
Overført til gåvefond og/eller gåver		4 000 000	4 000 000
Sum disponeringar og overføringer		37 166 000	49 119 000



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
BALANSE - EIGEDLAR			
Kontantar og krav på sentralbankar		360 881 000	83 957 000
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar			
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar utan avtalt løpetid eller oppseiingsfrist		115 572 000	350 721 000
Sum netto utlån og krav på kredittinstitusjonar		115 572 000	350 721 000
Utlån og krav på kundar			
Factoring		0	0
Kasse-/drifts- og brukskredittar		147 387 000	180 152 000
Byggjelån		54 805 000	89 939 000
Nedbetalingslån		4 085 307 000	3 897 368 000
Spesifiserte tapsavsetjingar		32 210 000	20 575 000
Uspesifiserte tapsavsetjingar		12 071 000	22 500 000
Sum netto utlån og krav på kundar	5- 9,11,2 9	4 243 218 000	4 124 384 000
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning			
Sertifikat og obligasjonar	15,16, 29	110 303 000	
Utskrive av det offentlege		110 303 000	0
Sertifikat og obligasjonar	15,16, 29	117 089 000	134 779 000
Utskrive av andre		117 089 000	134 779 000
Sum sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning		227 392 000	134 779 000
Aksjar, partar og andre verdipapir med variabel avkastning			
Aksjar, partar og grunnfondsbevis	17,18, 29	165 530 000	91 329 000
Sum aksjar, partar og andre verdipapir med variabel avkastning		165 530 000	91 329 000
Eigarinteresser i tilknytte selskap			



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
Sum eigarinteresser i tilknytte selskap		0	0
Eigarinteresser i konsernselskap			
Eigarinteresser i andre konsernselskap	21	7 642 000	7 425 000
Sum eigarinteresser i konsernselskap		7 642 000	7 425 000
Immaterielle egedelar			
Utsett skattefordel		0	350 000
Sum immaterielle egedelar		0	350 000
Varige driftsmiddel			
Maskinar, inventar og transportmiddel	32	80 000	211 000
Andre varige driftsmiddel	32	2 289 000	0
Sum varige driftsmiddel		2 369 000	211 000
Andre egedelar			
Andre egedelar		87 000	2 330 000
Sum andre egedelar		87 000	2 330 000
Forskotsbetalte kostnader som ikkje er kome til og opptente ikkje mottekne inntekter			
Opptente ikkje mottekne inntekter			7 254 000
Sum forskotsbetalte kostnader som ikkje er kome til og opptente ikkje mottekne inntekter		0	7 254 000
SUM EIGEDELAR		5 122 691 000	4 802 740 000

BALANSE - GJELD OG EIGENKAPITAL

GJELD

Gjeld til kredittinstitusjonar

Lån og innskot frå kredittinstitusjonar utan avtalt løpetid eller oppseiingsfrist		684 000	1 025 000
Lån og innskot frå kredittinstitusjonar med avtalt løpetid eller oppseiingsfrist			100 000 000
Sum gjeld til kredittinstitusjonar		684 000	101 025 000



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
Innskot frå og gjeld til kundar			
Innskot frå og gjeld til kundar utan avtalt løpetid	7,14	3 161 266 000	2 836 108 000
Innskot frå og gjeld til kundar med avtalt løpetid	7,14	816 459 000	873 243 000
Sum innskot frå og gjeld til kundar	7,14	3 977 725 000	3 709 351 000
Gjeld stifta ved utskriving av verdipapir			
Sertifikat og andre kortsiktige låneopptak		50 000 000	100 000 000
Obligasjonsgjeld		200 296 000	100 000 000
Sum gjeld teken opp ved utskriving av verdipapir		250 296 000	200 000 000
Anna gjeld			
Anna gjeld	35	24 878 000	23 351 000
Sum anna gjeld	35	24 878 000	23 351 000
Kostnader som er kome til og mottekne ikkje opptente inntekter			5 782 000
Avsetjingar for kostnader som er kome til og plikter			
Pensjonsplikter		126 000	1 096 000
Uspesifiserte avsetjingar på garantisvar	8,35	1 021 000	0
Sum avsetjingar for kostnader som er kome til og plikter		1 147 000	1 096 000
Ansvarleg lånekapital			
Sum ansvarleg lånekapital		0	0
Sum gjeld		4 254 730 000	4 040 605 000
EIGENKAPITAL			
Innskoten eigenkapital			
Selskapskapital		0	0
Sum innskoten eigenkapital		0	0
Opptent eigenkapital			
Sparebanken sine fond		785 177 000	751 635 000
Gåvefond		10 500 000	10 500 000
Fond for verdiendringar		72 284 000	
Sum opptent eigenkapital		867 961 000	762 135 000



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
Sum egenkapital		867 961 000	762 135 000
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		5 122 691 000	4 802 740 000
POSTAR UTANOM BALANSEN			
Vilkårsbundne plikter		37 267 000	57 203 000
Plikter		76 000 000	50 000 000



Konsernets resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
RESULTATREKNESKAP			
Renteinntekter og liknande inntekter			
Renter og liknande inntekter av utlån til og krav på kredittinstitusjonar		1 362 000	2 407 000
Renter og liknande inntekter av utlån til og krav på kundar		118 677 000	131 428 000
Renter og liknande inntekter av sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir		3 038 000	3 097 000
Sum renteinntekter og liknande inntekter		123 077 000	136 932 000
Rentekostnader og liknande kostnader			
Renter og liknande kostnader på gjeld til kredittinstitusjonar		1 434 000	2 316 000
Renter og liknande kostnader på innskot frå og gjeld til kundar		27 250 000	32 765 000
Renter og liknande kostnader på utskrivne verdipapir		3 810 000	3 672 000
Andre rentekostnader og liknande kostnader		2 164 000	1 877 000
Sum rentekostnader og liknande kostnader	23	34 658 000	40 630 000
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	23	88 419 000	96 302 000
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning			
Inntekter av aksjar, partar og andre verdipapir med variabel avkastning		2 822 000	5 001 000
Sum utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning		2 822 000	5 001 000
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester			
Garantiprovisjon		531 000	855 000
Andre gebyr og provisjonsinntekter		10 378 000	11 488 000
Sum provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		10 909 000	12 343 000
Provisjonskostnader og andre kostnader ved banktenester			
Andre gebyr og provisjonskostnader	24	2 865 000	3 036 000
Sum provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		2 865 000	3 036 000
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmiddel			
Netto verdiendring og gevinst/tap på sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir		208 000	86 000



Konsernets resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
Netto verdiendring og gevinst/tap på aksjar og andre verdipapir med variabel avkastning		557 000	2 338 000
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle derivat		328 000	532 000
Sum netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmiddel	31	1 093 000	2 956 000
Andre driftsinntekter			
Andre driftsinntekter		50 000	
Sum andre driftsinntekter		50 000	0
Lønn og generelle administrasjonskostnader			
Lønn	25,26, 27	17 637 000	17 911 000
Pensjonar		986 000	942 000
Sosiale kostnader		4 289 000	4 763 000
Lønn m.v.		22 912 000	23 616 000
Administrasjonskostnader	25	17 658 000	16 895 000
Sum lønn og generelle administrasjonskostnader		40 570 000	40 511 000
Avskrivningar m.m. av varige driftsmiddel og immaterielle egedelar			
Ordinære avskrivningar		1 831 000	2 045 000
Nedskrivningar		0	0
Sum avskrivningar m.m. av varige driftsmiddel og immaterielle egedelar		1 831 000	2 045 000
Andre driftskostnader			
Driftskostnader faste eigedommar		218 000	1 266 000
Andre driftskostnader		5 439 000	3 407 000
Sum andre driftskostnader		5 657 000	4 673 000
Tap på utlån, garantiar m.m.			
Tap på utlån	5,6,8,1 1,12	2 614 000	820 000
Tap på garantiar m.v.		145 000	
Sum tap på utlån, garantiar m.v.		2 759 000	820 000
Nedskrivning/reversering av nedskrivning av gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmiddel			



Konsernets resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
Sum nedskrivning/reversering av nedskrivning og gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmiddel		0	0
Resultat av ordinær drift		49 611 000	65 517 000
Skatt på ordinært resultat		12 445 000	16 398 000
Resultat av ordinær drift etter skatt		37 166 000	49 119 000
Resultat av ekstraordinære poster		0	0
Resultat for rekneskapsåret		37 166 000	49 119 000
Andre resultatkomponent for IFRS-føretak	28,31, 37	15 324 000	
Totalresultat		52 490 000	
Overføringer og disponeringar			
Overført til fond i sparebanken		33 166 000	45 119 000
Overført til gåvefond og/eller gåver		4 000 000	4 000 000
Sum disponeringar og overføringer		37 166 000	49 119 000



Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
BALANSE - EIGEDLAR			
Kontantar og krav på sentralbankar		360 881 000	83 957 000
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar			
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar utan avtalt løpetid eller oppseiingsfrist		115 572 000	347 721 000
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar med avtalt løpetid eller oppseiingsfrist			3 000 000
Sum netto utlån og krav på kredittinstitusjonar		115 572 000	350 721 000
Utlån og krav på kundar			
Factoring		0	0
Kasse-/drifts- og brukskredittar		147 387 000	180 152 000
Byggjelån		54 805 000	89 939 000
Nedbetalingslån		4 039 323 000	3 850 253 000
Spesifiserte tapsavsetjingar		32 210 000	20 575 000
Uspesifiserte tapsavsetjingar		12 071 000	22 500 000
Sum netto utlån og krav på kundar		4 197 234 000	4 077 269 000
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning			
Sertifikat og obligasjonar	15,16, 29	110 303 000	
Utskrive av det offentlege		110 303 000	0
Sertifikat og obligasjonar	15,16, 29	117 089 000	134 779 000
Utskrive av andre		117 089 000	134 779 000
Sum sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning		227 392 000	134 779 000
Aksjar, partar og andre verdipapir med variabel avkastning			
Aksjar, partar og grunnfondsbevis	17,18, 29	165 532 000	91 430 000
Sum aksjar, partar og andre verdipapir med variabel avkastning		165 532 000	91 430 000
Eigarinteresser i tilknytte selskap			



Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
Sum eigarinteresser i tilknytte selskap		0	0
Eigarinteresser i konsernselskap			
Sum eigarinteresser i konsernselskap		0	0
Immaterielle egedelar			
Goodwill		264 000	
Utsett skattefordel			1 058 000
Sum immaterielle egedelar		264 000	1 058 000
Varige driftsmiddel			
Maskinar, inventar og transportmiddel		80 000	211 000
Bygningar og andre faste egedommar		45 332 000	48 582 000
Andre varige driftsmiddel		2 289 000	
Sum varige driftsmiddel		47 701 000	48 793 000
Andre egedelar			
Andre egedelar		93 000	2 335 000
Sum andre egedelar		93 000	2 335 000
Forskotsbetalte kostnader som ikkje er kome til og opptente ikkje mottekne inntekter			
Opptente ikkje mottekne inntekter			7 237 000
Sum forskotsbetalte kostnader som ikkje er kome til og opptente ikkje mottekne inntekter		0	7 237 000
SUM EIGEDELAR		5 114 669 000	4 797 579 000
BALANSE - GJELD OG EIGENKAPITAL			
GJELD			
Gjeld til kredittinstitusjonar			
Lån og innskot frå kredittinstitusjonar utan avtalt løpetid eller oppseiingsfrist		684 000	1 025 000
Lån og innskot frå kredittinstitusjonar med avtalt løpetid eller oppseiingsfrist			100 000 000
Sum gjeld til kredittinstitusjonar		684 000	101 025 000

**Konsernets balanse**

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
Innskot frå og gjeld til kundar			
Innskot frå og gjeld til kundar utan avtalt løpetid	7,14	3 161 266 000	2 830 947 000
Innskot frå og gjeld til kundar med avtalt løpetid		808 792 000	873 243 000
Sum innskot frå og gjeld til kundar		3 970 058 000	3 704 190 000
Gjeld stifta ved utskriving av verdipapir			
Sertifikat og andre kortsiktige låneopptak		50 000 000	100 000 000
Obligasjonsgjeld		200 296 000	100 000 000
Sum gjeld teken opp ved utskriving av verdipapir		250 296 000	200 000 000
Anna gjeld			
Anna gjeld	35	24 523 000	23 351 000
Sum anna gjeld		24 523 000	23 351 000
Kostnader som er kome til og mottekne ikkje opptente inntekter			5 782 000
Avsetjingar for kostnader som er kome til og plikter			
Pensjonsplikter		126 000	1 096 000
Uspesifiserte avsetjingar på garantisvar	8,35	1 021 000	0
Sum avsetjingar for kostnader som er kome til og plikter		1 147 000	1 096 000
Ansvarleg lånekapital			
Sum ansvarleg lånekapital		0	0
Sum gjeld		4 246 708 000	4 035 444 000
EIGENKAPITAL			
Innskoten egenkapital			
Selskapskapital		0	0
Sum innskoten egenkapital		0	0
Opptent egenkapital			
Sparebanken sine fond		785 177 000	751 635 000
Gåvefond		10 500 000	10 500 000
Fond for verdiendringar		72 284 000	
Sum opptent egenkapital		867 961 000	762 135 000



Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
Sum egenkapital		867 961 000	762 135 000
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		5 114 669 000	4 797 579 000
POSTAR UTANOM BALANSEN			
Vilkårsbundne plikter		37 264 000	57 203 000
Plikter		76 000 000	50 000 000



ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2020



178. rekneskapsår



VOSS
SPAREBANK

Nynorskbanken.no

Språk og dialekt er ein viktig del av identiteten vår, og Voss Sparebank har lang tradisjon for å bry seg om språket. Me arbeider heile tida for at både privatkundar, verksemdar, lag og foreiningar skal få eit fullgodt banktilbod på vår eiga målform. Det er ikkje alt me klarar å få omsett og tilpassa i ein digital kvardag, men me freistar å gjera so godt me berre kan. Målet er at du som kunde skal få mest mogleg kommunikasjon om lån, sparing, forsikring og dagleg bruk av banken, på nynorsk.

Bry deg du òg, og velkomen skal du vera som kunde i nynorskbanken Voss Sparebank! Me kan lova deg både bankkort, nettbank og mobilbank i nynorsk drakt. Les meir på

www.nynorskbanken.no




Anna Bryn Mørkeset

Anna Bryn Mørkeset er eit stort talent innan alpin, med tekniske disiplinar som sitt spesialfelt. Anna representerer Voss Alpin, men bur for tida på Geilo.

Anna har dei siste åra synt seg høyrer heime i eliten i Noreg, og vore på pallen i mange av renna ho har delteke i. Innsatsen har i 2021 ført ho til junior-vm i Bansko i Bulgaria. Der køyrer ho super-G, storslalåm og slalåm.

Me ynskjer Anna lukke til med satsinga frametter og er stolt over å vera med på laget.

Fransdebilet: Anna Bryn Mørkeset, Voss IL Alpin. Voss Sparebank er stolt sponsor. Foto: privat.





Nykeltal 2020

52,3 mill.

I 2020 hadde banken eit **driftsresultat** før tap og skatt på kr 52,3 mill. kroner.

37,2 mill.

I 2020 hadde banken eit **resultat** etter tap og skatt på kr 37,2 mill. kroner.

868 mill.

Banken sine **eigenkapitalfond** er på kr 868 mill. kroner. Heile eigenkapitalen er rein kjernekapital.

27,99 %

Voss Sparebank er ein solid bank med ei rein **kjernekapitaldekning** på 27,99 %.

3.978 mill.

Banken har **innskot** frå kundane sine på kr 3.978 mill. kroner. Dette er fordelt med **24,1 %** til bedrifter og **75,9 %** til privatkundar.

4.517 mill.

Banken har **lånt ut** kr 4.517 mill. kroner til kundane sine. Dette er fordelt med **23,5 %** til bedrifter og **76,5 %** til privatkundar. Av dette ligg 228 mill i Verd Boligkreditt.

7,24 %

Innskotsveksten i 2020 var 7,24 %. Av dette ein vekst frå bedrifter på **12,98 %** og frå privatkundar på **5,53 %**.

3,24 %

Utlånsveksten i 2020 var på 3,24 %. Av dette ein endring frå bedrifter på **-4,7 %** Og ein vekst frå privatkundar på **5,98 %**.

5.123 mill.

Banken sin **rådveldekapital** var ved utgangen av 2020 på kr 5.123 mill. I tillegg til innskot frå kundar og eigenkapital, har banken finansiert kr 250 mill. i pengemarknaden. Lån som er overførde til Verd Boligkreditt kjem i tillegg.



50,32 %

Kostnader over inntekter
I 2020 var kostnad sett i høve til inntekter 50,32 %.

Brannsikring av Vangskyrkja

Deler av overskotet til Voss Sparebank vert kvart år delt ut som gåver til ulike ålmennyttige føremål.

Det vert i tillegg sett av til fond for at banken skal kunna vera med på litt større prosjekt. Eit slikt prosjekt som banken har fått gleda av å vera med på er brannsikring av Vangskyrkja.



Det å få på plass eit godt anlegg for brannsikring medfører store kostnader. Banken bidrog med ein million kroner. Gåva vart delt ut under banken sin jubileumskonsert i 2019, med utbetaling og start av prosjektet i 2020. No er anlegget på plass, og den flotte kyrkja vår kan atter nyttast i både glede og sorg.



Hovudtrekk i rekneskapen (morbank) for 2020

Voss Sparebank, 177 år i teneste for Vossabygda

Året 2020 vart eit heilt spesielt år for oss alle. Resultatet til Voss Sparebank er sjølvst sagt prega av situasjonen med covid-19 og ikkje minst av at Noreg har ei styringsrente på null prosent. Me gjekk inn i året med eit godt økonomisk grunnlag og god rentenetto. Soleis vart fyrste kvartal 2020 eit godt kvartal for banken. Hendingane i midten av mars då Noreg stengte ned grunna utbrot av pandemien, snudde heilt om på dette.



Styringsrenta vart fort sett ned til null, og nibor-renta kom ned om lag 165 basispunkt. Kunderentene på bustadlån vart sett ned med om lag 135 basispunkt. For Voss Sparebank og andre bankar med høg innskotsdekning, er eit nullrenteregime ekstra utfordrande. Skulle Voss Sparebank vore i paritet etter renteendringane, skulle innskotsrente vore om lag 30 basispunkt lågare. Det betyr minusrente på dei fleste innskotsprodukt. Dette let seg vanskeleg gjera i Noreg, og banken lyt difor sjølv ta kostnaden med dette. Rentenettoen til Voss Sparebank er difor merksamnt ned i 2020, heile 32 basispunkt. I tillegg til dette har det vore lite utbytebetaling frå eigarselskap i 2020, grunna krav om attendehald av dividende. Dette har ført til merksamnt mindre inntekter frå anleggsinvesteringane til banken.

Kundene har i ulik grad vorte råka av pandemien. Hotell og overnatting har hatt det veldig tungt, og har det tungt framleis. I andre bransjar har verksemdar hatt eit godt år. Til dømes innan byggjeverar og handelsvarer til oppussing av hus og heim og liknande, har fleire verksemdar meldt om svært god omsetnad i 2020. Andre har slite meir. Det har vore store variasjonar, og for dei fleste har året vore utfordrande. Tapstala til banken er enno relativt lite prega av direkteeffektar av nedstenginga. Rause og raske støtteordningar frå styresmaktene si side har sjølvst sagt hatt mykje å seia her. Kontantstøtteordninga har vore viktig for mange. I tillegg har utsetjinga av offentlege avgifter vorte nytta ein del, og det var spanande å sjå korleis innkrevjinga av denne gjelda vil slå ut for næringslivet i komande tid.

Trass utfordringane, leverer Voss Sparebank eit relativt godt resultat for 2020. Kompetente og engasjerte tilsette, god kostnadskontroll og konkurransedyktige vilkår over tid gjev god verdiskaping for både kundar, banken og Vossabygda.

Hovudtal for 2020:

- Kr 52,3 mill. i driftsresultat.
- Kr 37,2 mill. i årsresultat etter skatt.
- Kostnadar/inntekt-tal på 50,32 %
- Rein eigenkapital på 28 % av risikovekta balanse, 15,5 % på ikkje-vekta balanse (ikkje konsolidert).
- Voss Sparebank er ein stor skatteytar. For rekneskapsåret 2020 er skattekostnaden kr 12,4 mill. I tillegg kjem om lag kr 1 mill. betalt i finansskatt og kr 1,5 mill. i formuesskatt (driftskostnad).





Resultat i mill. kr:	2020	2019	2018	2017	2016	2015
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	90,1	98,2	88,9	87,2	85,6	75,3
Netto andre driftsinntekter	12,3	17,3	11,8	10,5	22,3	9,5
Sum driftsinntekter	102,4	115,5	100,8	97,7	107,9	84,8
Driftskostnader	50,1	49,2	48,1	45,2	45,9	47,1
Driftsresultat	52,3	66,4	52,6	52,6	62,1	37,7
Nedskrivningar og tap på utlån	2,8	0,8	0,3	4,8	4,7	2,7
Nedskrivning og tap/vinst verdipapir og anleggsmidler	0,0	0,0	2,3	0,0	1,8	-0,4
Resultat før skatt	49,5	65,5	54,6	47,8	55,5	34,7
Skatt	12,4	16,4	13,4	12,5	13,1	10,3
Resultat etter skatt	37,2	49,1	41,2	35,3	42,4	24,4
Verdiendringar over utvida resultat (oci)	15,3					
Resultat etter verdiendringar oci (totalresultat)	52,5					

Resultat i prosent av gjennomsnittleg råvædekapital:	2020	2019	2018	2017	2016	2015
Netto renteinntekter	1,79	2,11	2,03	2,09	2,14	1,91
Netto andre driftsinntekter	0,24	0,37	0,27	0,25	0,56	0,24
Sum driftsinntekter	2,03	2,49	2,30	2,34	2,69	2,16
Driftskostnader	0,99	1,06	1,10	1,08	1,15	1,20
Driftsresultat før tap	1,04	1,43	1,20	1,26	1,55	0,96
Nedskrivningar og tap på utlån	0,05	0,02	0,01	0,11	0,12	0,07
Nedskrivning og tap/vinst verdipapir og anleggsmidler	0,00	0	0,05	0	0,04	-0,01
Resultat før skatt	0,99	1,41	1,25	1,15	1,39	0,88
Skatt	0,25	0,35	0,31	0,3	0,33	0,26
Overskot	0,74	1,06	0,94	0,85	1,06	0,62

Nykeilal:	2020	2019	2018	2017	2016	2015
Råvædekapital	5 122,7	4 802,8	4 542,8	4 340,4	4 006,4	4 024,8
Brutto utlån til kundar	4 287,0	4 167,8	3 911,4	3 797,7	3 408,7	3 140,0
Brutto utlån til kundar inkl. Verd bustadkreditt	4 515,0	4 374,7	4 143,4	3 824,8		
Innskot frå kundar	3 978,0	3 709,4	3 497,6	3 384,0	3 228,2	3 287,8
Eigenkapital (rein ljernekapital)	868	762	717	680	648	607
Uvekta ljernekapitalandel (leverage ratio)	15,5	15,4	15,2	15,3	15,6	14,1
Eigenkapital i prosent av risikovekta balanse (kapitalkdekning)	28,0	27,1	25,3	25,7	27,1	25,3
Eigenkapitalrentabilitet før skatt	6,5	9,1	8,0	7,4	9,1	5,9
LCR (krav til 100 % frå 31.12.2017)	271	258	235	127	171	220
Lån overført til Verd bustadkreditt	228,0	207,2	232,0	27,2		
Årsverk (gjennomsnittleg)	25,9	26,2	25,6	25,1	25,4	26,8
Kostnader i % av inntekter, eksklusive kursendringar verdipapir	50,3	43,7	47,9	46,6	46,2	55,7

VOSS SPAREBANK – FOR KUNDANE OG LOKALSAMFUNNET I 177 ÅR

Styret har gleda av å leggja fram eit tilfredsstillande resultat for året 2020, med eit overskot etter tap og skatt på kr 37,2 mill. Resultatet er prega av redusert rentenetto, men låge tap og god kostnadskontroll. Utviklinga til Voss Sparebank er nær knytt til både dei økonomiske tilhøva i hovudmarknaden til banken og til den generelle økonomiske utviklinga i landet. Voss Sparebank har hovudmarknaden på Voss og i nærliggjande område. Området vårt er relativt hardt råka av pandemien, då Voss har stort innslag av reiselivseksponering generelt, og utanlands reiseliv spesielt. Eigedomsmetnaden har òg vore bra gjennom året, og spesielt fritidsbustadar har synt fin utvikling i lokalmarknaden vår i gjennom 2020, med mange omsette objekt til gode prisar.

Heilt sidan starten i 1843 har Voss Sparebank vore Vossabygda sin eigen bank, Vossabanken. Banken er ein tradisjonell bygdabank, som ikkje har eksterne eigarar. Det er Vossabygda som eig banken, og det er bygda og dei områda der banken er aktiv som skal ha avkastninga av den verdiskapinga banken gjev. Ingen investorar får utbytte frå banken, det er berre lokale lag og foreningar som tek i mot ålmenne gaver eller sponsormidlar frå banken. På det viset vil eit kundeforhold med Voss Sparebank ikkje berre gje deg konkurransedyktige vilkår og gode tenester, men også skapa meirverdiar for deg sjølv og dine næraste. Banken vil i endå større mon enn tidlegare nytte seg av dette og gje attende til gode føremål i lokalsamfunnet på Voss og i omland. Me skal samstundes vera konkurransedyktige på pris og vilkår over tid mot dei aktørane me naturleg tevlar med.

Det er rekneskapstala for morbanken som er omtala i årsmeldinga. Vesentlege tal for konsernrekneskapen er kommenterte. Konsernrekneskapen omfattar Voss Sparebank (mor) og dotterselskapa Voss Invest AS og Voss Sparebank Eigedom AS.



Rekneskapen er utarbeidd i samsvar med rekneskapsstandarden IFRS, forskrift om årsrekneskap for bankar m.m. og etter god rekneskapskikk. I samsvar med rekneskapslova stadfestar styret at grunnlaget for vidare drift er til stades og at rekneskapen er sett opp under denne føresetnaden. Etter styret si meining, gjev årsrekneskapen og årsmeldinga rett oversikt over gjelda og eignelutane til banken, den finansielle stillinga og resultatet.

Rekneskapsåret 2020 er det første året banken rapporterer etter IFRS-regelverket. Samanlikningstal er etter standarden NGAAP og er ikkje omarbeida. Prinsippendinga har mellom anna ført til ei vesentleg auke i banken sin balanseførde eigenkapital. Årsaka til dette er i hovudsak at banken si behaldning av aksjar og eigenkapitalbevis tidlegare vart bokført til lågaste verdi av kostpris og marknadsverdi, medan IFRS krev at det vert nytta marknadsverdi.

ØKONOMISKE TILHØVE

Lokalmarknaden

Året me legg bak oss har vore spesielt på mange vis. Voss herad vart frå 1. januar 2020 utvida til å vera gamle Voss kommune og Granvin herad. Heradet har framleis vekt i folketallet, og Voss har forsterka posisjonen sin som handlesenteret for indre Hordaland. Fleire større verksemdar har etablert seg her den seinaste tida, og veksten i marknaden for fritidsbustadar er framleis høg. Voss er òg arbeidsmarknad for store delar av indre Hordaland, indre delar av Sogn og indre Hardanger. Regionen er sterk, med noko av det beste ein har å tilby innan natur, turisme og opplevingar. Samstundes ser ein at ein er sårbar når det har vore eit noko ein-sidedig fokus på internasjonal turisme, som masseturisme med store turistgrupper. Desse har meir eller mindre vorte vekke i 2020 pga. pandemien, og ein har sett at verdien av norsk turisme er langt høgare pr. gjest og gjev langt mindre slitasje. Landbruket står sentralt i å halda bygdene levande, og Voss er Hordaland si største jordbruksbygd. Sjølv om talet på aktive bruk har minsk kraftig dei siste tiåra, vert det investert store summer i landbruket og produksjonsmengda er aukande. Voss Sparebank er glad det er investeringsvilje i landbruket og støttar opp om mange nye prosjekt innan modernisering av landbrukseigedom. Dette vil me halda fram med og me ser eit godt grunnlag for vidare vekt innan næringsforedling i distriktet vårt.

Nasjonale forhold og internasjonal økonomi

Norsk økonomi vart hardt råka i mars 2020, både av nedstenginga og av det kraftige prisfallet i oljeprisen som fylgje av redusert etterspurnad internasjonalt. Norsk Fastlands-BNP gjekk ned med om lag 3,4 prosent i 2020. Det er historisk svakt for Noreg i fredstid. Norges Bank forventar ei auke på 3,7 prosent i 2021 og 3,1 prosent i 2022. Det er soleis forventingar om rask betring av norsk økonomi, fyrst og fremst ved auka konsum hjå privathushalda, auke i bustadinvesteringane og offentleg etterspurnad. Med styringsrenter på null frå mars 2020 har bustadprisane auka på nytt gjennom året, og det enda med ein prisvekst på heile 8,7 %. Norges Bank er uroleg for at ein lengre periode med låge renter aukar faren for finansiell ustabilitet.

Ut i frå forventa vekt i norsk økonomi i 2021, stigande oljepris og framleis vekt i bustadprisar, er det forventa at rentenivået skal opp, truleg allereie i inneverande år, og ytterlegare to til tre rentehevingar i 2022. Arbeidsløysa er framleis høg, og store delar av dei tilsette i reiselivsnæringa er framleis permittert. Normaliseringa av økonomien er sjølvstøtt avhengig av vaksineutrullinga i Noreg.

Næringslivet på Voss – ein viktig del av hovudmarknaden vår

Voss Sparebank er ein relativt stor aktør innan finansiering av lokalt næringsliv med om lag kr 1,1 mrd. i utlån, kredittar og garantiar. Banken speglar på mange vis det som er rundt oss i bygda og soleis har banken typisk utlån til dei næringar som er store i bygda; landbruk, reiselivrelatert verksemd, eigedom, bygg og anlegg, osb.

I 2020 har banken vore med på fleire større prosjekt i bygda, både i sentrum og i områda rundt. Det er god aktivitet og relativt god investeringsvilje. Marknaden for fritidsbustadar har fått eit godt lyft i 2020, og det er godt sal hjå dei større aktørane; Myrkdalen, Herresåsen, Tråstølen/Bavallen. Etter fleire år med store enkeltprosjekt i områda våre, har 2020 vore meir eit normalår. Knutepunktet rundt Voss stasjon er snart ferdig utbygd, der no siste byggjetrinn er kome langt på veg med oppføringa av «Familiehuset» på den gamle Fengselstomta. Banken har i 2020 vore med på fleire spanande prosjekt kringom i bygda, og vil spesielt trekkja fram finansieringa av ny politistasjon som er under bygging i Brynalli. Her vert det gamle Fellesbakeriet ombyggt til eit nytt topp moderne kontor- og handelslokale, som vil tilføra bygda og nærmiljøet mykje. I det same område er banken involvert i fleire andre prosjekt med aktørar innan byggebransjen, som òg utvidar verksemdene sine. På Istadmyrane har fleire kundar gjort store investeringar gjennom året, samstundes som det er oppgradert mykje infrastruktur i og på



området. Ein ser no verkeleg konturane av ein moderne næringspark der framme. Dette vil gje nye impulsar til ytterlegare investeringar i område.

Samfunnsaktivitetar - litt om mangfaldet vårt

Den viktigaste oppgåva til Voss Sparebank er å driva banken på ein god måte og soleis skapa verdi for lokalsamfunnet. Å gjera Voss til ein endå betre stad å bu og leva, er soleis eit hovudmål for banken. Me engasjerer oss difor mykje i utviklinga av lokalsamfunnet. Voss Sparebank skal vera framtidretta med sunn vekst, godt kapitalisert, sjølvstendig og forankra i visjonen om å vera Vossabygda sitt fyrsteval innan bank og banktenester.

Frivillige lag, kulturlivet, bedrifter og menneske som bur og verkar i lokalmiljøet har behov for ein aktiv lokalbank som bryr seg og skapar verdiar for kundane og samfunnet. Ved støtte til lag og frivillige organisasjonar prioriterer me aktivitetar til born og unge som har verdi over tid, skapar aktivitet og vert utført med frivillig innsats.

Lags- og organisasjonslivet i bygda fekk i 2020 over kr 4 mill. i ålmennnyttige gåver, og om lag kr 1 mill. i sponsorstønad og støtteannonsering. Midlane er fordelte mellom meir enn 100 lag og organisasjonar. Banken sitt styre har valt å setja av kr 4 mill. av resultatet for 2020 til slike gode føremål. Desse midlane, saman med sponsormidlar på om lag kr 1 mill. vil koma bygda til gode gjennom året 2021. Me veit at støtta kjem godt med og skapar grobott for auka aktivitet og engasjement. Spesielt no under pandemien, har mange lag og organisasjonar det vanskeleg, då mykje av aktiviteten er prega av tiltaka i samfunnet. Me har difor vore opptekne av å støtta godt opp om det frivillige arbeidet i gjennom året.

Det omfattande dugnadsmiljøet me har på Voss, er med å marknadsføra og setja bygda på kartet på ein svært positiv måte, langt ut over eigne kommune- og landegrenser. For å stø opp om eldsjelene, som er viktige for å oppretthalda kultur- og friluftsmangfaldet vårt, stifta Voss Sparebank eldsjelprisen i 2008. For 2020 var det Hermann Skjeldal som vart tildelt prisen. Ein høgst verdig vinnar, etter solid innsats for idretten på Voss gjennom sitt engasjement i Bulken Idrottslag. Hermann har vore sentral både med å byggja opp hoppanlegget i Tunåsen, langrennsløypene på Dalane/Skjeldal og fotballanlegget i Eideshagen. Eldsjelprisen er på kr 50.000, og vert delt likt mellom eldsjela og laget.

SAMFUNNSANSVAR OG ENGASJEMENT

Samfunnsansvar for Voss Sparebank er å ta del i ei berekraftig utvikling. Mellom anna stiller banken krav til kontroll av leverandørar, fremjar økonomisk kompetanse og er med i arbeidet mot økonomisk kriminalitet. Banken er i tillegg sertifisert som miljøfyrtårn. Utøving av samfunnsansvar og høg etisk standard ligg til grunn for produkt og tenester i Voss Sparebank. Banken støttar og respekterer vern om internasjonalt godkjende menneskerettar, legg vekt på miljøvern, arbeidstakarrettar og sosiale rettar i forretningsstrategiane, i den daglege drifta og i forholdet til interessentar. Finansnæringa er, gjennom lovgjevinga, pålagde å arbeida mot kvitvasking og terrorfinansiering. Det gjer me mellom anna gjennom etterleving av kvitvaskingslova og -forskrifta. Banken er her pålagd å avklara mistenkjelege transaksjonar og gjennomføra kundetiltak etter prinsippet «kjenn kunden din». Mistenkjelege transaksjonar vert rapporterte til Økokrim.

Berekraft og miljø

Voss Sparebank har hatt fokus på miljøtiltak over fleire år og vart sertifisert som Miljøfyrtårn allereie i 2013. Banken ynskjer å arbeida for ei omstilling mot eit samfunn med mindre karbonutslepp, og ta sin del av ansvaret. Banken arbeidar difor med ein ny ESG-strategi som skal godkjennast i styret i løpet av 2021. Me kan gjera mykje internt ved å spara energi, minimera bruk av flyreiser, kjøp av CO₂-kvotar osv. For å syna aktiv handling går banken over til biovarme som primær varmekjelde i løpet av 2021, og fasar ut gass. Samstundes vil me påverka kundane våre til å tenka miljøvenleg og fremja «grøne prosjekt». Dette skjer ved at me legg ESG inn som variablar i kredittgjevinga vår. Då vil me få klassifisert låneengasjementa etter ESG-risiko.

Nynorskbanken

Voss Sparebank er stolt brukar av nynorsk, og ynskjer å vera bank for dei som er glad i språk og er opptekne av nynorsk. Me nyttar nynorsk i all vår eigen kommunikasjon mot kundane våre, og me freistar å oversetja mest mogleg av den kommunikasjonen som andre utviklar for oss. Voss Sparebank vart tildelt målprisen for 2019 frå Voss Mållag. I løpet av 2020 har banken arbeidd vidare med å lansera www.nynorskbanken.no som ei eige sidegrein, retta mot språkmedvitne kringom i landet.



Informasjon om personleg økonomi i vidaregåande skulane

Dei vidaregåande skulane og Voss Sparebank har gjennom fleire år samarbeidd godt for å gje skuleungdomen betre kunnskap om personleg økonomi. Personleg økonomi er meir enn tal og reknestykke og gjev relevant kompetanse knytt til fleire skulefag. I desember 2020 var banken til stades på Voss Gymnas og hadde to dobbeltimar med faget «personleg økonomi».

SAMARBEIDSPARTNARAR - kundane får alle finansielle tenester på same staden

Gjennom samarbeidspartnarar leverer me gode totalprodukt innan betalingsformidling, forsikring, sparing og plassering, kredittkort og objektfinsiering. Voss Sparebank får årlege provisjonsinntekter for formidla sal.

Kundane gjev positive tilbakemeldingar og tykkjer det er enkelt og lett vint å få ordna alle tenestene på same staden.

Dei Samarbeidande Sparebankane (DSS)

Samarbeidet i DSS er viktig for Voss Sparebank i ei stadig meir kompleks og digitalisert bankverd. Deltakarar er ni bankar: Etne Sparebank, Flekkefjord Sparebank, Haugesund Sparebank, Lillesand Sparebank, Luster Sparebank, Skudenes & Aakra Sparebank, Spareskillingsbanken, Søgne og Greipstad Sparebank og Voss Sparebank. Ved etablering av ny IT-avtale med Evry frå 1.1.2016 vart DSS-bankane samde om å styrkja samarbeidet på fleire område. I tillegg til å vera ressurs for bankane på IT og digitalisering, vert det svært viktig å sikra maksimal effekt frå tredjepartar gjennom felles innkjøpsamarbeid, felles forretningsutvikling, byggja og dela kompetanse og redusera nøkkelpersonrisikoar. Administrasjonen i DSS held til i Haugesund og utgjer no seks årsverk.

Finans Norge

Organisasjonen representerer heile finansnæringa i Noreg og tek vare på både det næringspolitiske og arbeidsgjevaremessige samarbeidet. Finans Norge har om lag 60 medarbeidarar med høg kompetanse på ulike fagområde.

Frende Forsikring - Frende Livsforsikring AS og Frende Skadeforsikring AS

Voss Sparebank sel forsikringsprodukt for Frende Forsikring, og eig 0,76 % av holdingsselskapet. Hovudkontoret ligg i Bergen. Eigarbankane er Sparebanken Vest, Fana Sparebank, Sparebanken Øst, Helgeland Sparebank, Sparebanken Sør og Sparebanken Sogn og Fjordane og dessutan alle ni DSS-bankane.

Frende tilbyr Voss Sparebank sine kundar gode forsikringsprodukt innan både liv- og skadeforsikring, til privat- og bedriftsmarknaden. Me opplever at kundane våre er svært tilfredse med produkta og ikkje minst den raske responstida til Frende ved skade og skadeoppgjær. I EPSI Rating si årlege kundeundersøking for 2020 fekk Frende, for tredje året på rad, prisen for dei mest nøgde forsikringskundane på privatmarknaden.

Frende Holding AS fekk i 2020 eit rekordresultat før skatt på kr 723 mill. mot tilsvarende kr 401 mill. i 2019. Den store auken sidan i fjor skuldast kraftig betring av det forsikringstekniske resultatet i skadeselskapet, kombinert med eit godt risikoresultat i livselskapet og god finansavkastning. Frende fekk i 2020 fleire nye eigarar og distributørar då LOKALBANK-alliansen, Varig Hadeland Forsikring, Varig Orkla Forsikring og Varig Forsikring Nordmøre og Romsdal kom inn i selskapet. Frende er eitt av selskapa som veks mest i landet.

Brage Finans AS

Voss Sparebank formidlar objektfinsiering og lån med salspant for Brage Finans. Selskapet har hovudkontor i Bergen og er eigd av 12 solide sparebankar. Voss Sparebank eig om lag 2,18 % av selskapet. Selskapet vart etablert i oktober 2010. Resultatet før skatt enda på kr 169 mill. i 2020, mot tilsvarende kr 121 mill. i 2018. Selskapet er framleis i ein oppbyggingsfase og betalar ikkje utbytte enno.

Eiendomskreditt AS og Kredittforeningen for Sparebanker AS

Eiendomskreditt AS og dotterselskapet Kredittforeningen for Sparebanker AS, er ein samarbeidspartnar som kan nyttast til deling av større låneengasjement, fastrentelån og til innlån av pengar. Voss Sparebank eig 3,64 % av Eiendomskreditt AS. Selskapet har kontor i Bergen og har mange mindre bankar på eigarsida. Resultatet for 2020 var kr 58,1 mill. (urevidert), mot tilsvarende kr 59,9 mill. i 2019.



Norne Securities AS

Voss Sparebank er agent for verdipapirforetaket Norne Securities AS. Norne er eit fullservice verdipapirforetak som tilbyr internetthandel, tradisjonelle meklartjenester og corporate finance tenester. Selskapet vart etablert med hovudkontor i Bergen 2008 og er det einaste fullservice verdipapirforetaket i Noreg med hovudkontor utanfor Oslo. Norne er eigd av 14 sparebankar. Voss Sparebank har 1,73 % av aksjekapitalen. Gjennom Norne får kundane tilbod om å handla aksjefond, aksjar og andre verdipapir gjennom nettbankløysinga, og gjennom meklarbordet til Norne.

Norne vart leverandør av fondshandelsløysing for Voss Sparebank i 2017. Dette betyr at me no tilbyr eit rikt utval av fond, aksjar og spareprodukt. I fondsportalen tilbyr me no investeringsrådgjeving gjennom ein «sparerobot». Me har sett ein god auke i fondssparing i 2020. Godt utval av fond og ei god digital løysing for kundane er viktig for Voss Sparebank.

Balder Betaling AS

Balder Betaling er «Frende-bankane» sitt eigarselskap i Vipps AS. Balder betaling AS eig ca 10,6 % av Vipps AS. Voss Sparebank eig 1,17 % av Balder Betaling AS.

Verd Boligkreditt AS

Verd Boligkreditt AS er eit kredittforetak som legg ut obligasjonar med førerett. Soleis nyttar dei bustadlån som trygd når dei legg ut obligasjonar i marknaden. Selskapet finansierar soleis eigarbankane på ein god måte og rimeleg måte. Selskapet har hovudsete i Bergen. Voss Sparebank vart i 2017 medeigar i selskapet og eig pr. utgangen av 2020 2,42 % av selskapet. Banken nyttar seg av Verd når ein skal henta inn ny finansiering. Verd har i 2020 tilsett ny administrasjon, og har får nye brukarar inn i selskapet når LOKALBANK, ein allianse av tidlegare Eika-bankar kjem inn i selskapet.

EnterCard

Voss Sparebank tilbyr MasterCard frå EnterCard, som er eit leiande kredittkortselskap i Skandinavia

TietoEVRY AS

Etter ein grundig strategiprosess i regi av DSS, inngjekk Voss Sparebank ny avtale med TietoEVRY om tenestebaserte leveransar for perioden 2020-2025. TietoEVRY er den største leverandøren av IT-tenester til bank i Norden, og sikrar Voss Sparebank moderne dataløysingar på alle område. Den nye avtalen gir banken tilgang til gode IT-løysingar som er langt framme når det gjeld effektiv og solid bankdrift, automatiserte prosessar og stor grad av sjølvbetening heile døgeret. Gode analyse- og hjelpeverktøy gjer banken i stand til å tilby kundane rette produkt og samstundes hjelpe banken i å oppretthalda gode relasjonar til kundane. IT er ein stor årleg kostnad for banken, men gode og framtidssretta IT-løysingar er avgjerande for effektiv drift.

RESULTAT OG BALANSE 2020

Resultat


Driftsresultatet før tap og skatt vart kr 52,3 mill. mot 66,3 året før. Etter avsetjing av kr 12,4 mill. til skatt og kr 2,8 mill. i tap, er overskotet på kr 37,2 mill., eller 0,74 % av gjennomsnittleg råvdeldkapital (kr 49,1 mill. / 1,06 % i 2019).

Rentenettoen vart kr 90,1 mill. (kr 98,1 mill. i 2019), som er 1,79 % av gjennomsnittleg råvdeldkapital (2,11 % i 2019). Netto andre driftsinntekter vart kr 12,3 mill. (kr 17,3 mill. i 2019). Samla driftsinntekter vart dermed kr 102,4 mill. (kr 115,4 mill. i 2019).

Driftskostnadene enda på kr 50,1 mill. / 0,99 % av gjennomsnitt råvdeldkapital (kr 49,2 mill. / 1,06 % i 2019). I prosent av samla inntekter, ekskl. kursvinstar på verdipapir, utgjorde kostnadene 50,3 % av inntektene (43,7 % i 2019). Endringa i nivået for kostnader mot inntekter må sjåast i samband med den relativt store nedgangen i renteinntektene.

Nedskrivingar på utlån er kostnadsførte med kr 2,8 mill. (kr 0,8 mill. i 2019).

Etter avsetjing av kr 12,4 mill. i skatt (kr 16,4 mill. i 2019) vart overskotet på kr 37,2 mill. (kr 49,1 mill. i 2019).



Konsernresultat

Dei største endringane i konsernresultatet i høve til morbanken er at renteinntektene vert reduserte med kr 1,71 mill. som dotterselskapet Voss Sparebank Eigedom AS har betalt i renter for lån i morbanken, samstundes som avskrivningar av eiedomen med driftsutstyr på kr 1,7 mill. og driftskostnader for eiedomen på kr 0,75 mill. kjem inn i konsernrekneskapen. Husleigekostnaden til morbanken på kr 4,5 mill. går ut av konsernrekneskapen. I tillegg er det nokre mindre inntekts- og utgiftspostar. Overskotet er det same som i morbanken.

Styret rår til at overskotet for rekneskapsåret på kr 37.166.000 vert nytta slik:

Overført til gåver	kr	4.000.000
Overført til sparebankfondet	kr	33.166.000
Disponert til saman	kr	37.166.000

Banken har eit gåvefond på kr 10,5 mill. pr. 31.12.2020. Den samla eigenkapitalen til banken ved utgangen av året er kr 867,9 mill. etter tilførsel av disponert overskot for 2020. Teljande ansvarleg kapital, som i sin heilskap er rein kjernekapital, er pr. 31.12.2020 på kr 790,7 mill. etter frådrag av kr 77,2 mill. pga. eigarinteresser i finansinstitusjonar og forsvarleg verdivurdering av eidedelar til verkeleg verdi. Frådraget i eigenkapital har auka monaleg etter at banken gjekk over til rekneskapsføring etter IFRS9-standarden.

Finansskatt på løn og overskot

I tråd med skatteforliket vart det frå 2017 innført ein finansskatt på 5 % av løn. I tillegg får ikkje finansnæringa redusert selskapsskatten, slik andre næringar får nytta godt av. I høve utanlandske bankar, med hovudkontor utanfor landet, er ordninga sterkt konkurransevridande. Voss Sparebank har forståing for målet med finansskatten der ein vil korrigera for manglande meirverdi-avgift på finansielle tenester, men skatten burde vore gjennomført på ein meir rettferdig måte. Skatten utgjer om lag kr 1 mill. for Voss Sparebank i 2020.

BALANSE – INNSKOT, UTLÅN, OBLIGASJONAR, FOND OG AKSJAR

Rådveldkapital

Styret i Voss Sparebank er godt nøgd med marknadsutviklinga til banken. Veksten kjem av stabile tilhøve i lokalmarknaden og god underliggjande bankdrift. God service, kompetente rådgjevarar og konkurransedyktige prisar er hovudgrunnen til den positive utviklinga over fleire år.

Ved utgangen av 2020 var rådveldkapitalen i morbanken på kr 5,123 mrd. mot kr 4,802 mrd. i 2019. Tek ein med lån overført til bustadkredittføretak var rådveldkapitalen kr 5,373 mrd. mot kr 5,010 mrd. i 2019. Det utgjer om lag 7,2 % vekst siste år.




Innskot – vekst i innskot, trass nullrenteregime Norge

Innskota frå personkundane auka med kr 159 mill. (5,53 %) til kr 3.023 mill. medan bedriftsinnskota auka med kr 110,0 mill. (12,98 %) til kr 954 mill. Samla innskot var ved utgangen av året på kr 3.977 mill. som utgjør 88,1 % av brutto utlån.

Utlån - god vekst i utlåna, spesielt til privatmarknaden

Brutto utlån til kundar auka med kr 142 mill. (3,21 %) til kr 4,515 mill. inkl. lån som er flytta til bustadkredittforetaket Verd. Utlån til personkunder vaks med kr 195,0 mill. (5,98 %). Utlån til næring hadde ein reduksjon med kr 52,3 mill. (-4,7 %) til kr 1.060 mill. Utlånsvolumet fordeler seg med 76,5 % til personkunder og 23,5 % til næring. Lånet til dotterselskapet Voss Sparebank Eigedom AS var på kr 46,0 mill. og er inkludert i tala, men vert utlikna i konsernrekneskapan. Sjå meir informasjon under kredittrisiko og note 5.



Nedskrivningar på utlån

I resultatrekneskapan er kr 2,8 mill. kostnadsført som netto tap og nedskrivningar på utlån og garantiar, mot kr 0,8 mill. i 2019. Til saman har Voss Sparebank no kr 46 mill. i samla nedskrivningar til å møte framtidige tap i utlåna. Dette er fordelt med kr 29,9 mill. i individuelle nedskrivningar og kr 16,1 mill. i gruppenedskrivningar. Sum balanseførte nedskrivningar utgjorde ved årsskiftet på om lag 1,07 % av brutto utlån, mot 1,03 % frå året før.

Styret føler seg trygg på at nedskrivningane på utlåna er tilstrekkelege ut frå den risiko som ligg i engasjementa. Sjå note 8.

Obligasjonar, rentefond og aksjar

Banken har strenge krav til finansplasseringane som i stor grad vert gjort i andre bankar, i bustadkredittforetak (OMF), i forsikring og i store kraftselskap. Fullmakta frå styret gjev eksempelvis ikkje høve til plasseringar i skipsfart, eller oljerelaterte næringar.

Ved årsskiftet var kr 227,4 mill. plassert i obligasjonar og sertifikat, og kr 165,5 mill. i aksjar og eigenkapitalbevis (ekskl. dotterselskap). Sum aksjar og eigenkapitalbevis svarar til 3,23 % av rådveldekapitalen. Av denne summen utgjorde banken sine langsiktige aksjekjøp (anleggsaksjar) kr 163,8 mill. og kr 1,7 mill. i kortsiktig aksjehaldning. Etter overgangen til rapportering etter IFRS er banken si aksjehaldning bokført til marknadsverdi. Verdiendringane på dei langsiktige plasseringane vert førde over utvida resultat (OCI) medan verdiendringane på dei kortsiktige plasseringane vert førde som ein del av banken sitt ordinære resultat. Verdiendringar på obligasjonsgjeld og sertifikatgjeld vert førde over banken sitt ordinære resultat. Sjå note 15, 17 og 18. Banken hadde ikkje rentefond ved årsskiftet.

Likviditet

Voss Sparebank har god likviditet. Innskotsdekninga var ved utgangen av 2020 på 88,1 % mot 84,8 % året før, inkl. lån som er overført til Verd. Utan desse er innskotsdekninga 92,8 % mot 89,0 % i fjor. Likviditeten vert plassert i Noregs Bank, obligasjonar, rentefond og i korte utlån til andre bankar. Banken sine trekkrettar i Noregs Bank og i avrekningsbanken vart ikkje nytta i 2020. Sjå meir under likviditetsrisiko og note 14.

Konsernbalanse

Voss Sparebank har to dotterselskap, Voss Invest AS og Voss Sparebank Eigedom AS, som driv med utleige av fast eigedom og anna investeringsverksemd.



Voss Sparebank Eigedom AS eig bankbygget i Vangsgata 18. Bankeigedomen med teknisk utstyr er, etter avskrivning på kr 1,7 mill., bokført til kr 45,3 mill. i konsernbalansen. Konsernbalansen er redusert med lånet til selskapet som er på kr 46,0 mill. Bokført verdi av investeringar i dotterselskap på kr 7,6 mill. vert utlikna. Den einaste skilnaden på gjeldssida er innskota frå dotterselskapa på kr 7,7 mill. vert utlikna. I tillegg kjem skatteverknadene av endringane. Konsernet sin eigenkapital er etter dette lik morbanken sin eigenkapital.

EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Banken har gjennom mange år med nøktern og god drift opparbeidd ein stor eigenkapital. Etter overgang til ny rekneskapsstandard IFRS9 frå 1. januar 2020, auka bokført eigenkapital monaleg då ein lyt føra anleggsaksjar til marknadsvardi, og ikkje etter historisk kostpris som me gjorde tidlegare. Eigenkapitalen til Voss Sparebank var ved inngangen til året på kr 762 mill. og ved utgangen var den kr 868 mill., ein auke på heile kr 104 mill. Av eigenkapitalen er gåvefondet på kr 10,5 mill. Heile eigenkapitalen til Voss Sparebank, inkludert gåvefondet, er rein kjernekapital (opptent eigenkapital). Teljande ansvarleg eigenkapital er pr. 31.12.2020 på kr 790,7 mill., opp frå kr 746,1 mill. frå året før. Frådraget for eigarskap i finansinstitusjonar har naturlegvis auka monaleg etter oppskrivningar til marknadsvardi, frå kr 15,6 mill. i 2019 til kr 77,2 mill. pr. utgangen av 2020.

Voss Sparebank er kredittvurdert («kredittrating») til A av DNB Markets. Eigenkapitalen til Voss Sparebank utgjer ved årsskifte 15,5 % av ikkje-vekta balanse og 28,0 % av vekta balanse. Dette er langt over kravet frå styresmaktene på 11 % i rein kjerne- og samla lovpålagt kapitalkrav på 14,5 %, etter nedjustert motsyklisk kapitalbuffer som fylgje av covid-19. Sjå note 10. Pr. 31.12.2020 er kravet til eigenkapital på kr 210,0 mill. i pilar I-krav for kredittrisiko, og kr 226,0 mill. inklusiv operasjonell risiko. I tillegg kjem kr 70,6 mill. i kapital-bevaringsbuffer, kr 84,7 mill. i systemrisikokapital og kr 28,3 mill. i motsyklisk kapitalbuffer. Dette gjev eit samla lovpålagt krav på totalt kr 409,6 mill. (14,5 %). Banken har ikkje fått eige pilar II-krav av Finanstilsynet, men reknar eit påslag på kr 56,4 mill. Samla endar ein soleis på kr 466,0 mill. i samla kapitalkrav og med det eit kapitaloverskot på kr 324,7 mill. pr. 31.12.2020.

I høve pandemiutbrotet vart motsyklisk buffer endra frå 2,5 % til 1 %. Soleis har kravet for norske bankar minska med 1,5 %-poeng gjennom året. Endringa er av mellombels karakter. I tillegg til at ein lyt forventta normalisering av motsyklisk buffer, vil det for bankar av Voss Sparebank sin storleik koma auke i kravet til systemrisikobuffer frå utgangen av 2022 på 1,5 prosentpoeng. Ein lyt difor venta seg høgare kapitalkrav i dei komande åra.



Sjølv om verksemda til Voss Sparebank medfører at banken er eksponert mot ei rekkje risikoar, vurderer styret den samla risikoeksponeringa til banken som låg/moderat. Styret har vedteke prinsipp for risikostyringa gjennom ulike styringsdokument. Risikotilhøva vert overvaka ved analysar av aktuelle risikoar, med kvartalsvis rapportering til styret. ICAAP-analysane vert oppdaterte ein gong i året. Dei dekkjer alle vesentlege aktivitetsområde og er ein integrert del av Voss Sparebank sitt kvalitetssikringssystem.

Vesentlege område i denne vurderinga er kreditt-, marknads-, likviditets-, og operasjonell risiko.



Kredittrisiko

Kredittrisiko er risikoen for tap som følge av at kundar eller motpartar ikkje har evne til å oppfylle pliktene sine. Kredittrisikoen er det største risikoområdet og vedkjem utlån/kreditt, garantiar og verdipapirbeholdninga. Styring av kredittrisikoen skjer ved hjelp av kredittstrategi, fullmaktsystem, risikoklassifisering og andre fastsette retningslinjer frå styret.

76,5 % av alle utlåna er gjevne til hushald/lønstakarar. Det meste mot pant i bustad. All historikk i Voss Sparebank tilseier svært lite tap på private lån. Lån til næringslivet var på 23,5 % av brutto utlån og medfører større kredittrisiko. Det er difor nedfelt i kredittstrategien til Voss Sparebank at lån til næring berre skal ytast til verksemdar i Voss kommune og i nabokommunane. Det er unntak frå dette i høve vossingar som har utflytta verksemd. Spesielt gjeld dette lokale investorar med eigedomsinvesteringar til dømes i Oslo. Risikoen for tap på utlån og garantiar vert vurdert som moderat, men ein lyt vera klar over at pandemien har skapt eit enno meir usikkert bilete rundt kredittrisikoen innan banken si BM-portefølje.

Etter innføringa av nytt kredittsystem i slutten av 2013, vart engasjementa frå 2014 risikoklassifiserte etter betalingsevne og vilje (risiko for misleghald/PD) utan omsyn til trygd. Klassifiseringa er automatisk og skjer ved bruk av «scoremodell» levert av TietoEVERY. Modellen predikerer sannsyn for misleghald i komande 12-månadersperiode. Ved årsskiftet var 93,6 % av utlåna klassifiserte til låg eller moderat risiko for misleghald, mot 93,4 % i fjor. Engasjement med høgt sannsyn for misleghald er ned frå 5,1 % til 4,8 %, tapsutsett er opp frå 1,5 % til 1,7 % og engasjement ikkje klassifisert er likt som i fjor på 0 %. Bedriftsengasjement med låg eller moderat sannsyn er siste året endra frå 75,6 % til 76,1 %. Bedriftsengasjement klassifisert med høgt sannsyn for misleghald er ned frå 20,6 % til 18,4 % og tapsutsett innan bedriftsmarknaden er opp frå 3,8 % til 5,6 %. Meir informasjon i note 6.

Netto tapsutsette og misleghaldne engasjement var ved årsskiftet på kr 33,8 mill. mot kr 25,1 mill. året før. Dette utgjer om lag 0,81 % av brutto utlån, mot 0,60 % året før. Ved utgangen av året var dei individuelle nedskrivningane av utlån på kr 32,6 mill. mot kr 20,6 mill. året før. I høve overgang til IFRS er det ikkje lengre gruppenedskrivningar, sjå «nedskrivningar etter IFRS9 og utlånsforskrifta» under note 2 for meir informasjon. Til saman er avsetjingane til å møte tap på utlån på kr 46 mill. mot kr 43 mill. for eit år sidan.

Kredittrisikoen i sertifikat- og obligasjonsbeholdninga vert vurdert som relativt låg. Til saman har banken kr 226 mill. fordelt mellom hovudsakleg kommune- og fylkespapir, og OMF (bustadkreditt). Fordelinga er kr 46 mill. i «level 1 B aktiva», kr 20 mill. i «OMF Level 2 A aktiva», kr 110 mill. til offentleg sektor, kr 25 mill. i andre papir, og kr 25 mill. i industri. Obligasjonsporteføljen er spreidd på 19 ulike obligasjonar, der største eksponering i eitt papir er kr 25 mill. Meir informasjon i note 15.

Voss Sparebank hadde ikkje andre store engasjement ved årsskiftet enn innskot i Noregs Bank og i avrekningsbanken vår, DNB. Eit engasjement er stort når det utgjer 10 % eller meir av teljande ansvarleg kapital til banken.

Med utgangspunkt i risikoklassifiseringar av engasjementa, vurderer styret risikoen i personmarknaden som låg og moderat for næringsmarknaden. Styret meiner dei samla nedskrivningane er tilstrekkelege til å dekkja kredittrisikoen i engasjementa. Meir informasjon i note 6.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko er risiko relatert til rente-, valuta- og kursrisiko. Det samla marknadsrisikonivået er vurdert som tapspotensialet for aksjar, renter og valuta.

Rente- og kredittsprikrisiko

Renterisiko er eit resultat av at rentebindingstida på aktivum- og passivum-sida ikkje er samanfallande. Voss Sparebank er berre i mindre grad eksponert for renterisiko. Ved årsskiftet hadde banken kr 77 mill. i innskot med fastrenter med binding inntil 12 månader og kr 108,3 mill. i utlån med fastrenter. Fastrentene er ikkje rentesikra. Utlåna har ei løpetid på inntil fem år, med ei gjennomsnittleg lengd på om lag 2,2 år. Ved ein renteoppgang utgjer fastrentelåna den største renterisikoen. Ein renteoppgang på to prosentpoeng, vil med gjennomsnittleg restløpetid på omlag 2,2 år utgjera om lag kr 4,76 mill. fram til forfall av låna. Renterisikoen på obligasjonsporteføljen var ved utgangen av året kr 0,3 mill. mot kr 0,4 mill. kr året før, ved ei renteendring på to prosentpoeng. Obligasjonsbeholdninga er også utsett for «spreadrisiko». Med ein gjennomsnittleg restløpetid på to år og ein auke i «kreditspread» i snitt på eitt prosentpoeng, vil dette utgjera om lag kr 2,0 mill. Sjå meir i note 22.

Aksjerisiko er marknadsrisiko knytt til posisjonar i eigenkapitalinstrument, inkludert derivat. Voss Sparebank har ikkje handel med opsjonar og derivat. Voss Sparebank har ikkje handelsportefølje av aksjar, eigenkapitalbevis eller aksjefond.



Valutarisiko er risikoen for tap når valutakursane endrar seg. Voss Sparebank har ikkje lån i valuta eller andre nemneverdige valutaposisjonar. All valutaomsetnad vert gjort som kommisjonær for valutabank.

Kontantbeholdninga var ved årsskiftet på kr 0,9 mill. omgjort i norske kroner.

Likviditetsrisikoen til banken er låg. Ved årsskiftet utgjorde kundeinnskota 88,1 % av brutto utlån, mot 84,8 % året før om ein reknar med lån som er flytta til Verd Boligkreditt. Utlånsporteføljen til Voss Sparebank har forholdsvis lang nedbetalingstid, medan storparten av innskota frå kundar har ingen eller kort oppseiing. Kr 77,0 mill. av innskota har fast rente i eitt år, kr 266,1 mill. har oppseiingstid på tre månader og kr 299,6 mill. har ein månads binding. Sjølv om Voss Sparebank har god likviditet, har ein nokre innlån i finansmarknaden. Pr. 31.12.2020 hadde banken eit sertifikat på kr 50 mill. med forfall februar 2021, og to seniorobligasjonar på kr 100 mill., med forfall november 2021 og februar 2025. Sjå note 34 for detaljar. Seniorlåna til banken er notert på Nordic ABM/Oslo Børs.

Mykje av likviditeten vert lånt ut til andre finansinstitusjonar, plassert i obligasjonar, sertifikat eller i rentefond. Ved årsskiftet hadde Voss Sparebank kontantar og innskot i Noregs Bank på kr 360,9 mill., og kr 102,5 mill. i utlån til og krav på finansinstitusjonar.

Store deler av obligasjons- og sertifikatporteføljen vert vurdert som lett omsetteleg, men obligasjonslåna til bankar har konsentrasjonsrisiko og vil ha svakare likviditet i urolige tider.

Risikoen for bråe svingingar i likviditeten er i tillegg sikra gjennom trekkrettar i Noregs Bank og DNB. Banken har ikkje nytta seg av trekkrettane gjennom året.

Likviditetskravet Liquidity Coverage Ratio (LCR) var ved årsskiftet på 271 %. Kravet frå styresmaktene er 100 % frå og med 31.12.2017.

Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er risikoen for tap som fylgje av utilstrekkelege eller sviktande interne prosessar eller system, menneskelege feil, eller eksterne hendingar. Av risikoar som vert vurderte nærare etter kapitalkravforskrifta, kan nemnast konsentrasjonsrisiko, geografisk risiko, omdømerisiko og strategisk risiko.

Styret er oppteken av at strategisk/forretningsmessig risiko og omdømerisiko vert handsama på ein god måte. Styret arbeider difor systematisk med strategiske vurderingar og legg stor vekt på godt samfunnsansvar og gode etiske haldningar. Voss Sparebank skal ikkje gjennomføra investeringar som utgjer ein risiko for at me medverkar til uetiske handlingar, som t.d. grove eller systematiske krenkingar av menneskerettane og/eller alvorlege miljøskader.

Voss Sparebank er svært avhengig av moderne teknologi, særleg IKT-løysingar. Våre IKT-løysingar vert leverte av TietoEVERY. Deira retningslinjer for utvikling, leveranse og datatryggleik gjeld for desse tenestene.

Voss Sparebank har eigne retningslinjer for å sikra at drifta er i samsvar med IKT-forskriftene. Etter styret si vurdering, er Voss Sparebank sin bruk av IKT i samsvar med dei lover og reglar som gjeld.

TILSETTE, LIKESTILLING OG HMS

Tilsette

Ved utgangen av året hadde Voss Sparebank 26 fast tilsette. Gjennomsnittleg vart det nytta 25,9 årsverk, mot 26,2 året før.

Autorisasjonar i FinAut

Finansnæringens autorisasjonsordningar (FinAut) har som oppgåva å driva og vidareutvikla autorisasjonsordningar i finansbransjen. FinAut utviklar kompetansestandardar som skal sikra kvalitet i sal og rådgjeving. For å sikra at rådgjevarane våre har høg kompetanse innan dei ulike fagfelt, er Voss Sparebank innmeldt i alle dei fire ordningane som FinAut administrerer. I 2020 har me gjennomført ei solid kompetanseoppdatering og -heving innan personforsikring som førte til at åtte tilsette no er autorisert i den nyaste ordninga frå FinAut.



Autorisasjonsordning	Mengd tilsette i Voss Sparebank som er autorisert
Sparing og investering (AFR)	12
Kreditt (KRD)	9
Skadeforsikring (SF)	9
Personforsikring (PF)	8

Likestilling og livsfasepolitikk

Voss Sparebank legg stor vekt på å gje kvinner og menn same høve til personleg og fagleg utvikling, løn og karriere. Ved utgangen av året, hadde banken 15 kvinner og 11 menn tilsett. I banksjefen si leiargruppa er det tre menn og ei kvinne.

Tre av seks valde styremedlemar er kvinner. Etter den nye finansforetakslova, som vart innført frå 1.1.2016, skal det vera minst 40 % av kvart kjønn.

Godtgjersle

Alle arbeidstakarane, unnateke øvste leiinga, er omfatta av tariffverket innan finanssektoren. Voss Sparebank har ikkje individuell bonus, men innførte i 2014 kollektiv og lik bonusutbetaling til alle tilsette i høve stillingsprosent. Banksjefen er ikkje inkludert i denne ordninga, og har ikkje bonusordning i det heile. Sum bonus er avhengig av oppnådde målsetjingar. Samla bonusutbetaling for året 2020 kom på kr 0,4 mill. og om lag kr 15.000 kroner pr. årsverk. Etter gjeldande forskrift er styret godtgjersleutvalet til banken.

Forsikringsordningar for dei tilsette

Voss Sparebank har kollektiv innskotspensjon, uføreforsikring, gruppeliv, yrkesskade, helseforsikring, ulukkesforsikring og reiseforsikring. Dei tilsette i banken er med i AFP-ordninga som i rekneskapsamheng vert handsama som ei innskotsbasert ordning med løpande kostnadsføring av betalt premie. Meir informasjon i note 27.

Helse, miljø og sikkerheit (HMS)

HMS er eit viktig element i personalpolitikken og me arbeider systematisk for å oppretthalda eit godt arbeidsmiljø. Lokala i Vangsgata fungerer godt og er på fleire måtar tilrettelagde for å tilfredsstilla ulike behov hjå dei tilsette. Det vert årleg nytta ressursar på tiltak av både helsefremjande og sosial karakter for å styrkja samhaldet og arbeidsmiljøet. Bedriftslækjarordninga, med årleg kontroll, fungerer tilfredsstillande. I rekneskapsåret er det ikkje registrert skade på personar. Sjukefråværet er normalt lågt, og var i 2020 på 2,37 %.

Voss Sparebank har eit aktivt bedriftsidrettslag. Medlemene er flinke til å dra i gang ulike aktivitetar. I tillegg tilbyr banken dei tilsette trimavtale med økonomisk kompensasjon og eit trimrom som kan disponerast i fritida.

STYRING AV VERKSEMDA

Voss Sparebank vart stifta 15. november 1843 og banken har soleis skapt verdiar for kundar og Vossabygda i 177 år. Offentleg regulering av verksemda er hovudsakleg gjeven i Lov om finansforetak og finanskonsern med tilhøyrande forskrift. Tilsyn med verksemda vert utført både av Finanstilsynet og Bankenes Sikringsfond.

Føremålet til Voss Sparebank går klart fram av vedtektene. Me skal vera bank for Voss, vossingar og nærliggjande område. Banken kan, innanfor gjeldande regelverk, utføra alle forretningar og tenester som det er vanleg eller naturleg at bankar utfører.

Voss Sparebank driv målretta arbeid for å oppretthalda konkurranseevna på kort og lang sikt. I det ligg mellom anna utvikling av medarbeidarane, produkt og styringssystem. Voss Sparebank har valt å vera sjølvstendig i ein samfunnssektor som er prega av auka sentralisering og større avstand til kundane som fylgje av samanslåingar, alliansar og oppkjøp. Ein sjølvstendig lokal sparebank vurderer styret som svært viktig for utviklinga av lokalsamfunnet vårt.

I styringa av banken vert det lagt stor vekt på nærleik til kundane og god service, samstundes som Voss Sparebank skal vera ein konkurransedyktig bank, bygd på tillit, og skal driva etter strenge etiske og sunne økonomiske prinsipp til beste for kundane og lokalsamfunnet.



Generalforsamlinga er Voss Sparebank sitt øvste organ. Det er samansett av 12 medlemmar. Ni medlemmar og fire varamedlemmar er valde av kundane, og tre medlemmar med eit varamedlem er valde av dei tilsette. Det er viktig at kundane stiller på det årlege kundevalet og på den måten deltek i utviklinga og styringa av banken. Voss herad stiller ikkje lenger med representantar til generalforsamlinga.

Styret er samansett av totalt seks medlemmar og to varamedlemmar, der fem medlemmar og eit varamedlem er valde av generalforsamlinga, medan ein medlem og ein varamedlem vert valde frå dei tilsette. Valet vert gjort for to år. Leiar og nestleiar vert valde ved særskilde val. Styremedlemmane har yrkesbakgrunn frå næringar som er typiske for området til Voss Sparebank. Styret er oppteken av å ha best mogeleg kunnskap om hovudmarknaden til banken og dei kundane som opererer innanfor dette området. Det er ei av føremonene til ein lokalbank.

Styret har valt to av medlemmene til risikoutval. Utvalet er eit saksførebuande og rådgjevande arbeidsutval for styret. Av viktige oppgåver for risikoutvalet kan nemnast risikotoleranse, risikostrategi, risikostyring og risikorapportering. Banken har uavhengig risikokontrollfunksjon i samsvar med finansføretakslova. Styret sjølv er revisjonsutval, der hovudoppgåva er gjennomgang og drøfting av kvartalsrekneskap og rapportering.

Styret har utarbeida årsplan for arbeidet sitt og legg vekt på å sikra tilstrekkeleg kunnskap og kompetanse hjå medlemmane. Oppfølging av drifta, strategi, risiko- og kapitalstyring og overvaking av marknader og rammevilkår er viktige fokusområde for styret. Eigenevaluering av arbeidsform, kompetanse, prioriteringar, og evaluering av samarbeidet mellom styre og leiing, vert gjennomført årleg. Styret handsamar alle større kredittsaker og saker av uvanleg art.

Voss Sparebank legg stor vekt på å ha ein veldefinert organisasjon, med klare ansvarsområde og fullmakter. Det er laga stillingsinstruksar for alle leiarstillingane. Det er utarbeidd eit omfattande system av rutinar og styringsdokument.

Banksjefen har den daglege leiinga av banken og skal fylgja instruksjonen og dei pålegg styret har gjeve. Den daglege leiinga omfattar ikkje avgjersler i saker som er av uvanleg art eller sær stor tyding. Banksjefen skal syta for at rekneskapsføringa er i samsvar med lov og forskrift, og at formuesforvaltninga er ordna på ein trygg måte. Banksjefen deltek på styremøta, men er ikkje medlem av styret.

Revisjonen vert utført i samsvar med gjeldande regelverk. Eksternrevisor gjev kvart år uttale til styret om kvaliteten av internkontrollsystemet, gjennomføringa av kontrollane og utarbeidd ICAAP. Eksternrevisor, Harald Bjøtveit, RSM Norge AS, deltek etter behov i styremøta, minimum ein gong i året. Voss Sparebank har ikkje krav om internrevisjon.

Meir informasjon om eigarstyring og leiing av banken er å finna etter notane.

UTSIKTENE FRAMOVER

Banknæringa har gjennom mange år vore i stor endring og utvikling. Måten kundane nyttar banken er i dag heilt annleis enn berre for få år sidan. Mobilbank er no den vanlegaste måten å nytta banken på, medan ein for få år sidan hadde ei klar overvekt på nettbank. Medan betalingskorta gradvis har gjort at me i dag nesten ikkje treng kontantar, og gjennom tenester som nettbank og mobilbank utfører fleire og fleire banktenestene sjølve, vil den digitale lommeboka/mobiltelefonen truleg ta over betalingskorta og dagens system for rekningbetaling. Det er framleis mange som ynskjer å koma innom oss for å få utført sine daglege tenester. For andre er det avgjerande at me har digitale løysingar som er enkle og som er tilpassa yngre brukarar sine forventningar til ein moderne bank. Felles for bae grupper er verdien av rådgjeving. Me har soleis stor tru på modellen med kompetente rådgjevarar tilgjengeleg i bankkloalet og i digitale løysingar. Me vil difor tilby ein kombinasjon av digitale løysingar som gjer bankkvardagen enklare for kundane, samtidig som banken tilbyr personleg rådgjeving på kundane sine premisser.

Berekraft og miljø vert viktigare og viktigare i finansnæringa. Mange ser på næringa som avgjerande i å finna gode løysingar på miljøutfordringane. «Grøne obligasjonar» til å finansiera «grøne lån» er alt eit relativt vanleg produkt i Noreg. Det er forventa eit større regulatorisk fokus på miljø og berekraft i framtida, og Voss Sparebank har byrja å tilpassa seg dette. Mellom anna er berekraft og miljø ein del av kredittstrategien til banken, som er revidert i 2020.

Me reknar ikkje med urovekkjande auke i arbeidsløysa i hovudmarknaden til banken i 2021, men me ser at det er uvisse tider me går i møte, og banken lyt ta omsyn til at pandemien kan føra med seg større utfordringar for lokalt næringsliv enn det som ein har sett so langt. Me har difor eit «nøytralt syn» på 2021, og forventar noko høgare tapskostnader, framleis press på rentenettoen, men noko betring i andre inntekter. Det siste fyrst og fremst ut i frå utbytteforventningar. Banken trur framleis på ei renteauke i løpet av 2021, men det er usikkert om den vil få effekt på rentenettoen, gitt at dette truleg skjer mot slutten av året og gitt varslingsfrist mot kundane. Banken er budd på at faktisk utfall i 2021 vert svakare enn forventa, og har kapital og avsetningar til å møte dette.

Voss Sparebank har ambisjonar om vekst i kundar og porteføljer. Banken er godt kapitalisert og ynskjer å styrka seg ytterlegare i heimeområde og ta meir av marknaden. Eit anna viktig område for banken, er utflytta vossingar, og



då gjerne i Oslo-marknaden. Her vil me skipa til eigne marknadsaktivitetar for eksisterande og nye kundar. Banken vil arbeida strategisk med å vidareutvikla nynorskbanken.no for å nå ut til privatkundar, verksemdar, lag og organisasjonar i heile landet som er opptekne av nynorsk. Lanseringa og vidareutvikling av dette skjer i 2021. Me ser på nynorsk som verdiskapande, og dette er ein posisjon som Voss Sparebank skal ta.

Serviceinnstilte og kompetente medarbeidarar som leverer kundeverti over tid, vil sikra at Voss Sparebank sin plass som ein sjølvstendig, framtidsretta og god sparebank på Voss vil stå seg godt i komande tider.

Styret kjenner ikkje til andre hendingar etter utgangen av rekneskapsåret som vil påverka stillinga til banken.


TAKK TIL KUNDAR, TILSETTE OG TILLITSVALDE

Styret nyttar høve til å takka alle kundar for god oppslutnad om Voss Sparebank og ser fram til framleis godt samarbeid i tida som kjem. Styret rettar ei varm takk til alle tillitsvalde for innsatsen, og ikkje minst til dei tilsette for stor innsats og godt samarbeid.

Voss, 31.12.2020 / 02.03.2021

Styret i Voss Sparebank


Steinar Hjørnevik
- Styreleiar -



Tor Ivar Johnsson
- Nestleiar -


Kristin Lemme
- Tilsett -


Helene Stråtveit
- Tilsett -


Gunn Irene
Hommedal Kvitne
- Tilsett -


Rolf Haukås
- Tilsett -


Jørund Rong
- Adm. banksjef -



RESULTATREKNESKAP

Tal i helle tusen kroner

	Notar	Morbank		Konsern	
		IFRS 31.12.20	NGAAP 31.12.19	IFRS 31.12.20	NGAAP 31.12.19
Resultatrekneskap					
renteinnt. og liknande inntekter					
renteinnt. rekna etter eff. rentemetoden av utlån til og fordringar på kred.inst. og finansforetak		1.362	2.407	1.362	2.407
renteinnt. rekna etter eff. rentemetoden av utlån til og fordringar på kundar		120.386	133.392	118.677	131.428
renteinnt. rekna etter eff. rentemetoden av renteberande verdipapir		3.038	3.097	3.038	3.097
Andre renteinnt. rekna etter eff. rentemetoden		0	0	0	0
Andre renteinnt.		0	0	0	0
Sum renteinnt. og liknande inntekter	Note 23	124.786	138.896	123.077	136.932
Rentekostnader og liknande kostnader					
Rentekostnader rekna etter eff. rentemetoden på gjeld til kred.inst. og finansforetak		1.434	2.316	1.434	2.316
Rentekostnader rekna etter eff. rentemetoden på innskot frå og gjeld til kundar		27.269	32.789	27.250	32.765
Rentekostnader rekna etter eff. rentemetoden på utsteda verdipapir		3.810	3.672	3.810	3.672
Øvrige rentekostnader etter eff. rentemetoden		0	1.877	0	1.877
Øvrige rentekostnader		2.164	0	2.164	0
Sum rentekostnader og liknande kostnader	Note 23	34.677	40.654	34.658	40.630
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		90.109	98.242	88.419	96.302
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	Note 24	10.909	12.343	10.909	12.343
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	Note 24	2.865	3.036	2.865	3.036
Utbyte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument		2.822	5.001	2.822	5.001
Inntekt av eigarinteresser i konsernselskap		216	-13	0	0
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	Note 31	1.192	2.956	1.093	2.956
Andre driftsinntekter		0	0	50	0
Netto andre driftsinntekter		12.274	17.251	12.009	17.264
Sum driftsinntekter		102.383	115.493	100.428	113.566
Løn og andre personalkostnader	Note 25,26,27	22.912	23.616	22.912	23.616
Andre driftskostnader	Note 25	27.059	25.191	23.315	21.568
Av-/nedskrivningar og vinst/tap på ikkje-finansielle eignelutar	Note 32	131	345	1.831	2.045
Sum driftskostnader		50.102	49.152	48.058	47.229
Resultat før tap		52.281	66.341	52.370	66.337
Kredittap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir	Note 5,6,8,11,12	2.759	820	2.759	820
Driftsresultat før skatt		49.522	65.521	49.611	65.517
Skatt på resultat frå vidareførd verksemd	Note 28	12.356	16.402	12.445	16.398
Resultat av ordinær drift etter skatt	Note 38	37.166	49.119	37.166	49.119
Andre inntekter og kostnader					
Andre inntekter og kostnader som ikkje vil verta omklassifisert til resultat					
Verdiendr. i investeringar i EK-instrument rekneskapsført til verkeleg verdi over utvida resultat	Note 31,37	15.490	0	15.490	0
Skatt på andre inntekter og kostnader som ikkje vil verta omklassifisert til resultat		0	0	0	0
Sum postar som ikkje vil verta omklassifisert til resultat		15.490	0	15.490	0
Andre inntekter og kostnader som kan verta omklassifisert til resultat					
Verdiendring finansielle eignelutar rekneskapsført til verkeleg verdi over utvida resultat		-222	0	-222	0
Skatt på andre inntekter og kostnader som kan verta omklassifisert til resultat	Note 28	56	0	56	0
Sum postar som kan verta omklassifisert til resultat		-167	0	-167	0
Sum utvida resultat		15.324	0	15.324	0
Totalresultat		52.490	49.119	52.490	49.119




BALANSE


Tal i heile tusen kroner

	Notar	Morbank		Konsern	
		IFRS 31.12.20	NGAAP 31.12.19	IFRS 31.12.20	NGAAP 31.12.19
Balanse					
Eignelutar					
Kontantar og fordringar på sentralbankar		360.881	83.957	360.881	83.957
Utlån til og fordringar på kreditinstitusjonar og finansieringsføretak til amortisert kost		115.572	350.721	115.572	350.721
Utlån og fordringar på kundar til verkeleg verdi	Note 5-9, 29	3.174.363	0	3.174.363	0
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	Note 5-9, 11	1.068.855	4.124.384	1.022.871	4.077.269
Renteberande verdipapir til verkeleg verdi	Note 15, 16, 29	227.392	0	227.392	0
Renteberande verdipapir ti amortisert kost		0	134.779	0	134.779
Aksjar, lutar og andre eigenkapitalinstrument	Note 17, 18, 29	165.530	91.329	165.532	91.430
Eigarinteresser i konsernselskap	Note 21	7.642	7.425	0	0
Eigarnytta eigedom	Note 32	0	0	45.332	48.582
Andre varige driftsmidar	Note 32	2.369	211	2.369	211
Forskotsbetalte kostnader		0	7.254	0	7.237
Eignelutar ved utsett skatt		0	350	264	1.058
Andre eignelutar		87	2.330	93	2.335
Sum eignelutar		5.122.691	4.802.740	5.114.669	4.797.579
Gjeld og egenkapital					
Innlån frå kreditinstitusjonar og finansieringsføretak til amortisert kost		684	101.025	684	101.025
Innskot og andre innlån frå kundar til amortisert kost	Note 7, 14	3.977.725	3.709.351	3.970.058	3.704.190
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	Note 33	250.296	200.000	250.296	200.000
Anna gjeld	Note 35	11.000	12.953	11.000	12.953
Pensjonsskyldnader	Note 27, 35	126	1.096	126	1.096
Skyldig skatt	Note 28, 35	13.878	16.180	13.523	16.180
Avsetjingar på garantiar og unytta rammekredittar	Note 8, 35	1.021	0	1.021	0
Sum gjeld		4.254.730	4.040.605	4.246.708	4.035.444
Grunnfondskapital					
Sparebanken sitt fond		785.177	751.635	785.177	751.635
Gåvefond		10.500	10.500	10.500	10.500
Sum grunnfondskapital		795.677	762.135	795.677	762.135
Fond for verdijustering		72.284		72.284	
Sum eigenkapital	Note 10	867.961	762.135	867.961	762.135
Sum gjeld og eigenkapital		5.122.691	4.802.740	5.114.669	4.797.579


Styret i Voss Sparebank
31.12.2020 / 2.3.2021


Steinar Hjørnevik
- Styreleiar -



Tor Ivar Johnsson
- nestleiar -


Gunn Irene Hommedal Kvitene


Helene Stråtveit


Kristin Lemme


Rolf Haukås
- Tilsett -


Jørund Rond
- Adm. banksjef -



EIGENKAPITALOPPSTILLING

	Sparebanken sitt fond	Gåvefond	Fond for verdiregulering	Annan egenkapital	Sum eigenkapital
Morbank					
Eigenkapital 31.12.2019	751.636	10.500	0	0	762.136
Overgang til IFRS (note IFRS 2)	375		56.960		57.335
Eigenkapital 01.01.2020	752.011	10.500	56.960	0	819.471
Resultat etter skatt	37.166				37.166
Avsetjing til gaver	-4.000				-4.000
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)			-222		-222
Verdiendring aksjar til verkeleg verdi over utvida resultat			15.490		15.490
Skatt på verdiendring utlån			56		56
Totatresultat 31.12.2020	33.166	0	15.324	0	48.490
Eigenkapital 31.12.2020	785.177	10.500	72.284	0	867.961
Sum eigenkapital 31.12.2018	706.517	10.500	0	0	717.017
Resultat etter skatt og gaver	45.119				45.119
Eigenkapital 31.12.2019	751.636	10.500	0	0	762.136

	Sparebanken sitt fond	Gåvefond	Fond for verdiregulering	Annan egenkapital	Sum eigenkapital
Konsern					
Eigenkapital 31.12.2019	751.636	10.500	0	0	762.136
Overgang til IFRS (note IFRS 2)	375		56.960		57.335
Eigenkapital 01.01.2020	752.011	10.500	56.960	0	819.471
Resultat etter skatt	37.166				37.166
Avsetjing til gaver	-4.000				-4.000
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)			-222		-222
Verdiendring aksjar til verkeleg verdi over utvida resultat			15.490		15.490
Skatt på verdiendring utlån			56		56
Totatresultat 31.12.2020	33.166	0	15.324	0	48.490
Eigenkapital 31.12.2020	785.177	10.500	72.284	0	867.961
Eigenkapital 31.12.2018	706.517	10.500	0	0	717.017
Resultat etter skatt	45.119				45.119
Eigenkapital 30.09.2019	751.636	10.500	0	0	762.136



Kontantstrøm

Morbank		Alle tal i heile tusen kroner	Konsern	
2020	2019		2020	2019
		Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar		
134.090	144.421	Rente-, provisjons- og gebyrinnbetalningar frå kundar	132.377	142.459
-27.838	-32.789	Rente-, provisjons- og gebyrutbetalningar til kundar	-27.819	-32.765
4.400	5.354	Renteinnbetalningar på andre utlån	4.400	5.354
-10.758	-10.619	Renteutbetalningar på andre lån	-10.758	-10.619
3.150	5.533	Innbetalningar av utbytte mv.	3.150	5.533
-26.914	-26.406	Utbetalningar til andre leverandørar for varer/tenester	-23.170	-22.783
-23.882	-24.529	Utbetalningar tilsette, pensjon, arb.g.avgift, sk.trekk mv.	-23.882	-24.529
-16.186	-13.522	Utbetalningar av skatt	-16.186	-13.522
36.062	47.443	Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar	38.112	49.128
		Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar		
-114.146	-268.787	Auke (-) / reduksjon (+) i utlån til kundar	-115.290	-269.838
-706	11.963	Auke (-) / reduksjon (+) i utlån til finansinstitusjonar	-706	11.963
80	8.809	Innbetalningar ved sal av aksjar i andre føretak	80	8.809
-2.399	-17.102	Utbetalningar ved kjøp av aksjar i andre føretak	-2.399	-17.202
345.879	235.676	Innbetalningar ved sal av andre verdipapir	345.879	235.676
-436.856	-201.770	Utbetalningar ved kjøp av andre verdipapir	-436.856	-201.770
0	0	Utbetaling av konsernbidrag til dotterselskap	0	0
-30	0	Netto avgang (+) / tilgang (-) varige driftsmidlar	1.570	0
-208.178	-231.211	Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	-207.722	-232.362
		Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar		
267.386	211.746	Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar	264.880	211.212
-100.372	434	Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til finansinstitusjonar	-100.372	434
100.000	0	Innbetalningar ved utsteding av obligasjonsgjeld	100.000	0
-50.000	0	Auke (+) / reduksjon (-) sertifikatlån	-50.000	0
-3.828	-2.304	Utbetalningar av gåver til almennyttige føremål	-3.828	-2.304
213.186	209.876	Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar	210.680	209.342
41.070	26.108	Netto kontantstrøm for året	41.070	26.108
41.070	26.108	Netto endring likvidar	41.070	26.108
392.256	366.148	Likviditetsbeholdning 1. januar	392.256	366.148
433.326	392.256	Likviditetsbeholdning 31. desember	433.326	392.256
		Likviditetsbeholdninga består av følgjande:		
15.959	15.210	Kontantar	15.959	15.210
344.923	68.747	Fordringar på sentralbanken	344.923	68.747
72.444	308.299	Fordringar på kredittinstitusjonar utan oppseiingstid	72.444	308.299
433.326	392.256	Sum likviditetsbeholdning	433.326	392.256



Notar

Note 1 Generell informasjon

Voss Sparebank er ein sjølvstendig sparebank lokalisert på Voss. Voss Sparebank tilbyr banktenester og forsikringsprodukt for person- og bedriftsmarknaden. Banken har eit kontor med besøksadresse Vangsgata 18 på Voss.

Rekneskapen vart handsama i styret 2. mars 2021.

Note 2 Rekneskapsprinsipp

Grunnlag for utarbeiding av rekneskapen

Banken legg fram årsrekneskapen i samsvar med IFRS (International Financial Reporting Standards), eit regelverk som er fastsett av EU i tråd med § 1-4, 1. ledd b) i forskrift om årsrekneskap for bankar, kredittføretak og finansieringsføretak.

Banken har valt å ikkje omarbeida samanlikningstal, jamfør § 9-2 i forskrifta.

Rekneskapsprinsippa som er skildra, vert nytta i utarbeidinga av banken sitt årsrekneskap for 2020. Dei vert også nytta for utarbeidinga av IFRS opningsbalanse per 1. januar 2020, som er banken sin overgangsdato for konvertering til IFRS. Opningsbalanse og effektar av overgang til IFRS for høvesvis morbanken og konsernet ligg under punkta A-G i note 2.

Notane til rekneskapen syner i hovudsak til konserntal.

Det er ikkje utarbeidd samanlikningstal for rekneskapsåret 2019. Rekneskapen for 2019 er i samsvar med NGAAP.

I samsvar med forskrift om årsrekneskap for bankar, kredittføretak og finansieringsføretak, har banken valt å ikkje nytta IFRS 16 Leigeavtalar for rekneskapsåret 2020, men heller bruka tidlegare nytta prinsipp.

I samsvar med forskrift om årsrekneskap for bankar, kredittføretak og finansieringsføretak, har banken valt å rekneskapsføra utbyte og konserntilskot frå dotterselskap i samsvar med reglane i rekneskapslova.

Banken vil ikkje gje fylgjande notekrav etter IFRS:

1. IFRS 13. Det vert i staden gjeve opplysingar om verkeleg verdi i samsvar med forskrifta § 7-3.
2. IFRS 15.113-128.
3. IAS 19.135 litra c og IAS 19.145-147.

Samandrag av vesentlege rekneskapsprinsipp som gjeld frå 2020

Konsolideringsprinsipp

Rekneskapsprinsippa vert nytta konsistent ved innarbeiding av eigarinteresser i dotterselskap, og er basert på dei same rapporteringsperiodane som for morbanken.

Konserninterne transaksjonar og konsernmellomverande, inkludert internforteneste og ikkje-realiserde vinstar og tap, vert eliminert ved utarbeiding av konsernrekneskapet.

Dotterselskap vert definert som selskap der morbanken kan utøva kontrollerande makt over drifta i selskapet (faktisk kontroll). Det føreligg kontroll når investor har makt over investeringsobjektet, er utsett for eller har rett til variabel avkastning frå investeringsobjektet, og har høve til å nytta makt til å styra aktivitetar hjå investeringsobjektet som i vesentleg grad kan påverka avkastinga.

Kontrollomgrepet fører med seg at konsolideringsplikt også må vurderast for eigarskap der banken ikkje har aksjemajoritet. I tillegg kan det i visse situasjonar henda at det vert konsolideringsplikt gjennom eit låneengasjement, dersom det ligg omfattande rettar i låneavtalen som er eigna til å gje kontroll. Slike rettar må avgrensast mot ordinære rettar banken har for å tryggja låneengasjement.

Dotterselskap vert konsolidert frå det tidspunktet den reelle kontrollen er ført over til konsernet. Investeringsrettar i dotterselskap vert rekneskapsført etter eigenkapitalmetoden i selskapsrekneskapen.



Segmentinformasjon

Driftssegment vert rapportert slik at dei er i samsvar med segmenta etter den interne rapporteringa i Voss Sparebank. Fordeling av utlån vert rapportert i kategoriane personmarknad og bedriftsmarknad og banken består dermed av to segment. Fordeling av segment går fram av note 7.

Inntektsføring

Renteinntekter vert inntektsført ved bruk av effektiv rentemetode. Dette gjer at ein må inntektsføra renter løpande med tillegg av amortisering av etableringsgebyr. Den effektive renta vert fastsett ved diskontering av kontraktfesta kontantstraumar innafor forventa lengd på lånet. Kontantstraumane inkluderer etableringsgebyr, samt eventuell restverdi ved utløp av forventa lengd på lånet.

Inntektsføring av renter etter effektiv rentemetode vert nytta for balansepostar som vert vurdert til amortisert kost og for balansepostar som vert vurdert til verkeleg verdi over utvida resultat. For renteberande balansepostar som vert vurdert til verkeleg verdi over resultatet, vert den nominelle renta inntektsført etter kvart, medan verdiendringar vert ført i rekneskapen ved slutten av perioden. Renteinntekter på nedskrivne engasjement vert rekna som effektiv rente av nedskrivne verdi. Gebyr og provisjonar vert ført i resultatet etter kvart som tenesta vert ytt. Gebyr for etablering av låneavtalar går inn i kontantstraumane ved utrekning av amortisert kost og vert ført som inntekt under netto renteinntekt etter effektiv rentemetode. Andre driftsinntekter inneheld mellom anna gebyr og provisjonar knytt til betalingsformidling, kredittformidling og verdipapirtenester. Resultatføringa vert gjort når tenestene er levert.

Utbyte frå investeringar vert resultatført på det tidspunktet det er gjort vedtak om utbyte på generalforsamlinga.

Leigeinntekter vert ført som inntekt etterkvart som dei vert tent opp.

Finansielle instrument – rekna inn og rekna i frå

Finansielle eignelutar og plikter vert rekna inn når banken vert part i instrumenta sine vilkår i kontrakt.

Finansielle eignelutar vert rekna i frå når dei rettane til kontantstraumar frå dei finansielle eignelutane går ut, eller når føretaket overfører den finansielle eigneluten i ein transaksjon, der all eller tilnærma all risiko og mogleg vinst knytt til eigarskap av eigneluten vert overført.

Finansielle plikter vert rekna i frå på det tidspunktet rettane til vilkåra er innfridd, avlyst eller gått ut.

Finansielle instrument – klassifisering

Ved fyrstegongsføring i rekneskapen, vert finansielle instrument klassifisert i ein av fylgjande kategoriar, avhenge av kva type instrument det er og føremålet med investeringa:

Finansielle eignelutar vert klassifisert i gruppene:

- Amortisert kost
- Verkelig verdi med verdiendring over utvida resultat
- Verkelig verdi med verdiendring over resultatet

Finansielle plikter vert klassifisert som:

- Finansielle plikter til verkelig verdi med verdiendringar over resultatet
- Andre finansielle plikter målt til amortisert kost

I høve til klassifisering og måling krev IFRS 9 at alle finansielle eignelutar som er pengekrav, vert klassifisert basert på ei vurdering av banken sin forretningsmodell og kontantstraumane knytt til dei ulike instrumenta. Utlån med flytande rente er klassifisert til amortisert kost. Banken har høve til å overføra utlån med pant i bustadeigedom til Verd Boligkreditt AS dersom lånegraden er under 75 %. Banken sin forretningsmodell tilseier at bustadlån som allereie er på banken sin balanse kan overførast til Verd Boligkreditt AS. Banken har sidan stiftinga av Verd Boligkreditt AS ført over nokre lån frå eigen balanse. Banken har difor valt å klassifisera utlån som kan overførast til Verd Boligkreditt AS, til verkeleg verdi over utvida resultat.

Transaksjonskostnad knytt til finansielle instrument som vert målt til amortisert kost er uvesentleg og inngår ikkje i førstegongsinnrekning. Transaksjonskostnad for finansielle instrument til verkeleg verdi vert tillagt eller trekt ifrå ved førstegongsinnrekning og vert resultatført.

Banken si likviditetsportefølje er klassifisert til verkeleg verdi over resultatet i samsvar med forretningsmodellen som styrer forvaltninga av likviditetsportefølja. Eigenkapitalinstrumenta som er strategiske investeringar, er klassifisert til verkeleg verdi over utvida resultat utan resirkulering. Desse eigenkapitalinstrumenta er ikkje derivat eller haldne for handelsføremål.

Finansielle plikter vert målt til amortisert kost ved bruk av effektiv rentemetode. I tilfelle der tidshorizonten for den finansielle plikta sitt forfallstidspunkt er relativt kort, vert den nominelle renta nytta ved utrekning av amortisert kost. Kategorien finansielle plikter til amortisert kost inneheld òg klassane innkot frå og plikter mot kundar og renteberande plikt som sertifikat- og obligasjonsskyldnadar.



Måling

Måling til verkeleg verdi

Verkeleg verdi av finansielle instrument som vert omsett i aktive marknader, vert fastsett ved slutten av rapporteringsperioden med tilvising til noterte marknadsprisar eller kursar frå forhandlar av finansielle instrument, utan frådrag frå transaksjonskostnader. Marknaden er aktiv dersom det er mogleg å hente inn eksterne prisar, kursar eller renter, og desse prisane faktisk representerer reelle marknadstransaksjonar.

For finansielle instrument som ikkje vert omsett i ein aktiv marknad, vert den verkelege verdien fastsett ved hjelp av ein eigna verdsetjingsmetode. Slike verdsetjingsmetodar omfattar bruk av nyleg gjennomførte marknadstransaksjonar som er gjort på armlengd avstand mellom velinformerte og frivillige partar om ein har slike tilgjengeleg. Elles til verkeleg verdi av eit anna instrument som praktisk tala er det same, diskontert kontantstrautrekning eller andre verdsetjingsmodellar. Dersom observerte marknadsprisar er tilgjengelege for variablar som går inn i verdsetjingsmodellane, så skal desse nyttast.

Måling til amortisert kost

Finansielle instrument som ikkje vert målt til verkeleg verdi, vert målt til amortisert kost, og inntektene vert rekna etter instrumentet si effektive rente. Den effektive renta vert fastsett ved diskontering av kontraktstesta kontantstraumar innanfor forventa lengd.

Kontantstraumane inneheld gebyr ved etablering og transaksjonskostnader som ikkje vert betalt av kunden direkte, i tillegg til eventuell restverdi ved utløp av forventa lengd. Amortisert kost er noverande verdi av slike kontantstraumar, diskontert med den effektive renta.

Måling av finansielle garantiar

Utfærd finansielle garantiar vert vurdert til verkeleg verdi, som ved fyrste gongs rekneskapsføring vert sett på som motteke motyting for garantien. Ved etterfylgjande måling vert utfærd finansielle garantiar vurdert til den høgaste summen av motteke motyting for garantien, med frådrag for eventuelle resultatførte amortiseringar og beste estimat for motyting ved eventuell innfriing av garantien.

Nedskriving av finansielle eignelutar

Under IFRS 9 skal tapsavsetjingane reknast inn ut i frå forventa tap. Den generelle modellen for nedskrivingar av finansielle eignelutar omfattar dei eignelutane som vert målt til amortisert kost eller til verkeleg verdi, med verdiendringar over utvida resultat. I tillegg er lånetilsegn, finansielle garantikontraktar som ikkje vert målt til verkeleg verdi over resultatet, og krav på leigeavtalar omfatta.

Ved fyrstegongs balanseføring skal det verta sett av tap for tilsvarande forventa tap på 12 månader. Forventa tap på 12 månader er det tapet som er forventa å inntreffa over levetida til instrumenteta men som kan knytast til hendingar som skjer dei fyrste 12 månadene.

Dersom kreditttrisikoen for ein eignelut eller ei gruppe av eignelutar vert rekna for å ha auka vesentleg sidan fyrstegongs innrekning, skal det gjerast ei tapsavsetjing som tilsvarar heile den forventa levetida til eigneluten. Dersom det oppstår eit tap, skal renteinntektene reknast inn ut i frå bokført sum etter justering for tapsavsetjing.

Banken nyttar ein tapsmodell som er utvikla av TietoEvry, der banken avgjer alle føresetnader for utrekning av tap. Modellen bygger på kunde- og kontohistorikk for heile kredittportefølja til banken, utlån, kreditttrammer og garantiar. Tapestimata er basert på 12 månaders og livslang sannsyn for misleghald frå kunden (probability of default - PD), tap gjevne misleghald (loss given default - LGD) og eksponering ved misleghald (exposure at default - EAD).

Banken grupperer utlåna i tre steg basert på sannsyn for misleghald (PD) på starttidspunktet samanlikna med sannsyn for misleghald på balansedagen:

Steg 1:

Dette er startpunktet for alle finansielle eignelutar omfatta av den generelle tapsmodellen. Alle eignelutar som ikkje har ein vesentleg høgare kredittisiko ved fyrstegongs innrekning får ei avsetjing for tap som tilsvarar 12 månaders venta tap.

Steg 2

Steg 2 i tapsmodellen er eignelutar som på balansedagen har ei vesentleg auke i kredittisiko sidan fyrstegongs innrekning, men der det ikkje er objektive prov for tap. For desse eignelutane skal set setjast av for venta tap over levetida til instrumentet. Avgrensing mot steg 1 er definert ved å ta utgangspunkt i om engasjementet sitt rekna sannsyn for misleghald (PD) har auka vesentleg. Banken har definert vesentleg auke i kredittisiko som kvantitative vilkår ut i frå observert endring etter banken sitt risikoklassifiseringssystem. Risikoklassifiseringssystemet klassifiserer alle engasjement i 11 risikoklassar. Risikoklasse A har lægst risiko, og risikoklasse K omfattar engasjement med misleghald. Basert på risikoklassifiseringa, er det definert fylgjande risikogrupper:



- Risikogruppe Låg : Risikoklasse A til D
- Risikogruppe Middels : Risikoklasse E til G
- Risikogruppe Høg : Risikoklasse H og I

Fylgjande kriterier må vera oppfylt for at ein skal sjå på auka kredittrisiko som vesentleg:

- Endring frå Risikogruppe Låg til Risikogruppe Middels med minst 2 klassar auke
- Endring innan Risikogruppe Middels og Risikogruppe Høg med minst 2 klassar auke
- Misleghald over 30 dagar

Steg 3

Eignelutar som har hatt ein vesentleg auke i kredittrisiko sidan fyrstegongs innrekning, og der det er objektive prov på tap på balansedagen, vert klassifisert under steg 3. For desse eignelutane skal det setjast av forventa tap over levetida. Alle engasjement i risikoklasse K (misleghald), kjem inn under steg 3-berekninga. I tillegg ligg dei individuelle avsetjingar for tap i steg 3. Det er interne kriterium som ligg til grunn for individuelle nedskrivningar.

Utrekning av sannsyn for misleghald, PD

PD vert rekna i egne modellar levert av TietoEvry. Ut frå intern og ekstern informasjon, vert det rekna 12 månadar forventa sannsyn for misleghald. Misleghald er definert ut frå Basel-definisjon med 90-dagar betalingsmisleghald og andre vilkår under «unlikelyness to pay».

Utrekning av tap gjeve misleghald, LDG

Estimat for LGD er gjort ut i frå historiske tapstal for eigen og samanliknande bankar. Det er gjort egne estimat for person- og bedriftskundar.

Utrekning av eksponering ved misleghald, EAD

Estimat for eksponering ved misleghald er gjort med uteståande skuld justert for evt. konverteringsfaktorar for delar av løyvingar som ikkje er nytta.

Forventa tap på kreditt basert på forventningar til framtida

IFRS 9 krev at framoverskuande informasjon vert inkludert i vurderinga av venta tap på kreditt.

Forventningar til framtida er utleda av ein makromodell der det vert teke omsyn til tre scenario – base case, best case og worst case – for venta makroøkonomisk utvikling eit til tre år fram i tid. Variablane arbeidsløyse, oljepris, bustadprisar, hushaldningane si gjeld, bankane si utlansrente og kronekursen inngår i modellen. Variablane er fordelt på fylker for personmarknaden og på bransjar for bedriftsmarknaden. Vekting av scenaria vert gjort etter ekspertvurderingar.

Overtaking av eignelutar

Eignelutar som vert tekne over i samband med oppfølging av misleghaldne og nedskrivne engasjement, vert verdsett ved overtakinga til verkeleg verdi. Slike eignelutar vert klassifisert i balansen etter arten sin. Etterfylgjande verddivurdering og klassifisering av resultatteffektar fylgjer prinsippa for den aktuelle eigneluten.

Presentasjon av resultatpostar knytt til finansielle eignelutar og forpliktingar til verkeleg verdi

Realiserte vinstar og tap, samt endringar i estimerte verdiar på finansielle instrument til verkeleg verdi over resultatet vert teke med i rekneskapen under «Netto vinst/(tap) på finansielle instrument» i den perioden dei oppstår. Vinst, tap og verdiendringar på finansielle instrument vert klassifisert som verkeleg verdi over utvida resultat og vert ført over utvida resultat. Utbyte på aksjar og andre eigenkapitalinstrument vert ført over resultatet når banken sin rett til utbyte er slått fast.

Sikringsbokføring

Voss Sparebank nyttar ikkje sikringsbokføring.

Motrekning

Finansielle eignelutar og finansielle plikter vert motrekna og berre presentert når banken har ein juridisk rett til å motrekna som kan hevdast, og når banken har som føremål å gjera opp på nettogrunnlag. Inntekter og kostnader vert ikkje motrekna med mindre det vert kravd eller er tillate i samsvar med IFRS.

Valuta

Transaksjonar i utanlands valuta vert rekna til kursen på tidspunktet for transaksjonen. Pengepostar i utanlands valuta vert rekna om til norske kroner ved å nytta kursen på balansedagen. Ikkje-pengepostar som vert målt til historisk kurs i utanlands valuta, vert rekna om til norske kroner ved å nytta valutakursen på tidspunktet for transaksjonen. Ikkje-pengepostar som vert målt til verkeleg verdi uttrykt i utanlands valuta, vert rekna til valutakursen fastsett på balansetidspunktet. Valutakursendringar vert resultatført etter kvart i rekneskapsperioden.

Rekneskapet vert presentert i norske kroner.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar omfattar bygningar, tomter og driftslausøyre, og er vurdert til kostnaden ved nyskaffing med frådrag for samla avskrivningar og nedskrivningar. Kostnad for nyskaffing av varige driftsmidlar er prisen ved kjøp, inkludert avgift/skattar



og kostnader direkte knytt til å setja anleggsmidla i stand til bruk. Utgifter som kjem til etter at driftsmiddelet er teke i bruk, slik som vedlikehald, vert resultatført, medan andre utgifter som ein forventar kjem til å gje framtidige økonomiske føremoner, vert balanseført. Det er nytta lineære avskrivningar for å dela kostprisen over brukstida til driftsmidla.

Nedskrivning av materielle og immaterielle eignelutar

Ved kvart rapporteringstidspunkt og om det ligg føre teikn til fall i verdien på materielle og ikkje-materielle eignelutar, vil den einskilde luten sin attvinnande verdi leggast til grunn for storleiken på ei mogeleg nedskrivning. Attvinnande verdi er det høgaste av eigneluten sin verkelege verdi med fråtrekk av salskostnader og bruksverdi. Eigneluten sin balanseførte verdi vert nedskrivnen dersom balanseført verdi er høgare enn estimert attvinnande sum.

Leigeavtalar

Ein leigeavtale vert klassifisert som finansiell leigeavtale dersom avtalen i det vesentlege overfører risiko og avkasting bunde til eigarskap. Andre leigeavtalar vert klassifisert som operasjonelle leigeavtalar. Frå 2021 vil banken fylgja prinsippa i IFRS 16 for rekneskapsføring av leigeavtalar.

Investering i tilknytt selskap

Tilknytt selskap er einingar der banken har monaleg innverknad, men ikkje kontroll, over den finansielle og operasjonelle styringa (normalt ved eigardel på mellom 20 % og 50 %). Rekneskapet inkluderer banken sin del av resultatet frå tilknytt selskap ført etter eigenkapitalmetoden frå det tidspunktet monaleg påverknad vert nådd og fram til slik påverknad opphøyrer.

Skattekostnad

Skattekostnad er sett saman av skatt som skal betalast og endring i utsett skatt. Utsett skatt/skattefordel er rekna på alle skilnader mellom rekneskaps- og skatteverdi på eignelutar og skyldnader.

Utsett skattefordel er rekneskapsført når det er sannsyn for at banken vil ha tilstrekkeleg overskot i seinare periodar til å gjera seg nytte av skattefordelen. Banken rekneskapsfører tidlegare ikkje rekneskapsført utsett skattefordel i den grad det har vorte sannsynleg at banken kan nytta seg av den utsette skattefordelen. På same vis vil selskapet redusera utsett skattefordel i den grada banken ikkje lenger ser det som sannsynleg at han kan gjera seg nytte av den utsette skattefordelen.

Utsett skatt og utsett skattefordel er målt ut i frå forventa framtidige skattesatsar og skattereglar som gjeld på balansedagen, eller som mest sannsynleg er venta stadfesta, og som ein trur skal nyttast når det utsette skattefordelen vert realisert eller når det utsette skatten skal gjerast opp.

Skatt som skal betalast og utsett skatt er rekneskapsført direkte mot eigenkapitalen i den grad skattepostane relaterer eg til eigenkapitaltransaksjonar.

Pensjonsskyldnader

Pensjonskostnader og -skyldnader fylg IAS 19. I 2015 gjorde banken om den kollektive ytelsesbaserte ordninga til ei innskotsbasert ordning for alle tilsette. Banken har i tillegg AFP-ordning. For innskotsordninga betalar banken innskot til eit privat administrert livs- og pensjonsforsikringsselskap. Banken har ingen ytterlegare betalingsforskyldnader etter at innskota er betalt. Innskota vert løpande ført som lønskostnad. AFP-ordninga vert behandla rekneskapsmessig som innskotsordninga.

Avsetjing for skyldnader

Avsetjingar for skyldnader er innarbeidd i balansen i samsvar med IAS 37. Avsetjingar vert rekna inn når det er truleg at banken må gjera opp ei eksisterande skyldnad, som er ei følgje av ei tidligare hending, og skyldnaden kan estimert påliteleg. Føreslege utbyte og gåver som ikkje er formelt vedteke på balansedagen tilfredsstiller ikkje vilkåra for kva som er ein skyldnad.

Hendingar etter balansedagen

Ny informasjon om selskapet si finansielle stilling på balansedagen, som kjem etter balansedagen, er teke omsyn til i årsrekneskapen. Hendingar etter balansedagen som ikkje påverkar selskapet si finansielle stilling på balansedagen, men som vil påverka selskapet si finansielle stilling i framtida, vert det opplyst om dersom det er vesentleg.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd med utgangspunkt i brutto kontantstraumar frå operasjonelle investerings- og finansieringsaktivitetar. Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar er definert som løpande renter knytt til utlåns- og innskotsverksemda mot kundar, samt utbetalingar som er generert frå omkostningar knytt til den ordinære operasjonelle verksemda. Investeringsaktivitetar er definert som kontantstraumar frå verdipapirtransaksjonar, investeringar i driftsmidla og eigendomar og kontantstraumar frå utlånsverksemda. Kontantstraumar frå innskotsverksemda, opptak og nedbetaling av ansvarlege lån og obligasjonsgjeld og eigenkapital er definert som finansieringsaktivitetar. Likvide omfattar kontantar og fordringar på Noregs Bank.



A Overgangseffektar på eigenkapitalen

Avstemming av eigenkapitalen pr 31.12.2019 mot eigenkapitalen
01.01.2020:

Morbank

Avstemming av overgangseffektar	Sum eigenkapital
Eigenkapital 31.12.2019 NGAAP	762.135
Verdiendringar på utlån til kundar	1.625
Verdiendring på renteberande verdipapir	629
Verdiendring på eigenkapitalinstrument (aksjar)	55.739
Verdiendring på unyttta kredittrammer og garantiar	-
	658
Eigenkapital 01.01.2020 IFRS	819.470

Konsern

Avstemming av overgangseffektar	Sum eigenkapital
Eigenkapital 31.12.2019 NGAAP	762.135
Verdiendringar på utlån til kundar	1.625
Verdiendring på renteberande verdipapir	629
Verdiendring på eigenkapitalinstrument (aksjar)	55.739
Verdiendring på unyttta kredittrammer og garantiar	-
	658
Eigenkapital 01.01.2020 IFRS	819.470

**B Overgangseffektar ved finansielle eignelutar**

Banken har i samsvar med IFRS 9 klassifisert finansielle eignelutar og skyldnadar etter fylgjande målekategoriar:

Morbank	31.12.2019		01.01.2020	
Finansielle eignelutar	Etter årsrekneskapsforskrifta		Etter IFRS 9	
Kontantar og fordringar på sentralbankar	Amortisert kost	83.957	Amortisert kost	83.957
Fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsføretak	Amortisert kost	350.721	Amortisert kost	350.721
Utdån til og fordringar på kundar	Amortisert kost	4.124.384	Amortisert kost	1.357.605
			Verkeleg verdi over resultat	
			Verkeleg verdi over utvida resultat	2.768.946
Renteberande verdipapir	Lægste verdi prinsipp	134.779	Verkeleg verdi over resultat	135.617
Aksjar i dotterselskap	Eigenkapitalmetoden	7.425	Eigenkapitalmetoden	7.425
Aksjar, lutar og andre eigenkapitalinstrument	Lægste verdi prinsipp	91.329	Verkeleg verdi over resultat	
			Verkeleg verdi over utvida resultat	147.068
Sum finansielle eignelutar		4.792.595		4.851.339

Finansielle skyldnadar				
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsføretak	Amortisert kost	101.025	Amortisert kost	101.025
Innskot og andre innlån frå kundar	Amortisert kost	3.709.351	Amortisert kost	3.709.351
Skyldnadar stifta ved utsteding av verdipapir	Amortisert kost	200.000	Amortisert kost	200.000
Unyttå kredittar til kundar	Amortisert kost		Amortisert kost	843
Garantiar til kundar	Amortisert kost		Amortisert kost	34
Sum finansielle skyldnadar		4.010.376		4.011.253

Konsern	31.12.2019		01.01.2020	
Finansielle eignelutar	Etter årsrekneskapsforskrifta		Etter IFRS 9	
Kontantar og fordringar på sentralbankar	Amortisert kost	83.957	Amortisert kost	83.957
Fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsføretak	Amortisert kost	350.721	Amortisert kost	350.721
Utdån til og fordringar på kundar	Amortisert kost	4.077.269	Amortisert kost	1.310.490
			Verkeleg verdi over resultat	
			Verkeleg verdi over utvida resultat	2.768.946
Renteberande verdipapir	Lægste verdi prinsipp	134.779	Verkeleg verdi over resultat	135.617
Aksjar, lutar og andre eigenkapitalinstrument	Lægste verdi prinsipp	91.430	Verkeleg verdi over resultat	
			Verkeleg verdi over utvida resultat	147.169
Sum finansielle eiendeler		4.738.156		4.796.900

Finansielle skyldnadar				
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsføretak	Amortisert kost	101.025	Amortisert kost	101.025
Innskot og andre innlån frå kundar	Amortisert kost	3.704.190	Amortisert kost	3.704.190
Skyldnadar stifta ved utsteding av verdipapir	Amortisert kost	200.000	Amortisert kost	200.000
Unyttå kredittar til kundar	Amortisert kost		Amortisert kost	843
Garantier til kundar	Amortisert kost		Amortisert kost	34
Sum finansielle skyldnadar		4.005.215		4.006.092

**C Omklassifisering og verdiendringar ved overgang til IFRS, morbank**

Morbanken får fylgjande endringar i eignalutar og skyldnader per 01.01.2020 ved overgang til IFRS:

Morbank

Finansielle eignalutar til amortisert kost	31.12.2019			01.01.2020
	NGAAP	Omklassifisering	Verdiendringar	IFRS
Kontantar og fordringar på sentralbankar				
Utgående balanse NGAAP og inngående balanse IFRS	83.957			83.957
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsføretak				
Utgående balanse NGAAP	350.721			
Verdiendring: Nedskrivning for venta tap				
Inngående balanse IFRS				350.721
Utlån til og fordringar på kundar				
Utgående balanse NGAAP	4.124.384			
Omklassifisert til verkeleg verdi over utvida resultat		-2.775.899		
Verdiendring: Nedskrivning for venta tap			9.120	
Verdiendring: Uamortiserte gebyrinntekter				
Inngående balanse IFRS				1.357.605
Sum finansielle eignalutar til amortisert kost	4.559.062	-2.775.899	9.120	1.792.283

Finansielle eignalutar til lägste verdi prinsipp	31.12.2019			01.01.2020
	NGAAP	Reklassifisering	Verdiendringar	IFRS
Renteberande verdipapir				
Utgående balanse NGAAP	134.779			
Omklassifisert verkeleg verdi over resultat		-134.779		
Inngående balanse IFRS				0
Aksjar, lutar og andre eigenkapitalinstrument				
Utgående balanse NGAAP	91.329			
Omklassifisert til verkeleg verdi over resultat				
Omklassifisert til verkeleg verdi over utvida resultat		-91.329		
Inngående balanse IFRS				0
Eigarinteresser i konsernselskap				
Utgående balanse NGAAP	7.425			
Omklassifisert til verkeleg verdi over resultat				
Omklassifisert til verkeleg verdi over utvida resultat				
Inngående balanse IFRS				7.425
Sum finansielle eignalutar til lägste verdi prinsipp	233.533	-226.108	0	7.425



	31.12.2019			01.01.2020
Finansielle eignelutar til verkeleg verdi over resultatet	NGAAP	Reklassifisering	Verdiendringar	IFRS
Utlån til og fordringar på kundar				
Utgående balanse NGAAP	0			0
Omklassifisert frå lægste verdi prinsipp				
Verdiendring til verkeleg verdi				
Inngående balanse IFRS				0
Renteberande verdipapir				
Utgående balanse NGAAP	0			
Omklassifisert frå lægste verdi prinsipp		134.779		
Verdiendring til verkeleg verdi			838	
Inngående balanse IFRS				135.617
Aksjar og andre verdipapir med variabel avkastning (obligatorisk)				
Utgående balanse NGAAP	0			
Omklassifisert frå lægste verdi prinsipp				
Verdiendring til verkeleg verdi				
Inngående balanse IFRS				0
Sum finansielle eignelutar til verkeleg verdi over resultat	0	134.779	838	135.617

	31.12.2019			01.01.2020
Finansielle eignelutar til verkeleg verdi over utvida resultat	NGAAP	Reklassifisering	Verdiendringar	IFRS
Utlån til og fordringar på kundar				
Utgående balanse NGAAP	0			
Omklassifisert til verkeleg verdi over utvida resultat		2.775.899		
Verdiendring: Nedskrivning for venta tap			-8.581	
Attendeført steg I nedskrivning venta tap			1.628	
Inngående balanse IFRS				2.768.946
Renteberande verdipapir				
Utgående balanse NGAAP	0			
Omklassifisert frå lægste verdi prinsipp				
Verdiendring: Nedskrivning for venta tap				
Inngående balanse IFRS				
Aksjar og andre verdipapir med variabel avkastning (valt)				
Utgående balanse NGAAP	0			
Omklassifisert frå kostpris		91.329		
Verdiendring til verkeleg verdi			55.739	
Inngående balanse IFRS				147.068
Sum finansielle eignelutar til verkeleg verdi over utvida resultat	0	2.867.228	48.786	2.916.014
Sum finansielle eignelutar	4.792.595	0	58.744	4.851.339



	31.12.2019			01.01.2020
Finansielle skyldnader til amortisert kost	NGAAP	Reklassifisering	Verdiendringar	IFRS
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsføretak				
Utgående balanse NGAAP og inngående balanse IFRS	101.025			101.025
Innskot og andre innlån frå kundar				
Utgående balanse NGAAP og inngående balanse IFRS	3.709.351			3.709.351
Gjeld stifta ved utsteding av verdipapir				
Utgående balanse NGAAP og inngående balanse IFRS	200.000			200.000
Unytt kredittar til kundar				
Utgående balanse NGAAP				
Verdiendring: Nedskrivning for venta tap			843	
Inngående balanse IFRS				843
Garantiar til kundar				
Utgående balanse NGAAP				
Verdiendring: Nedskrivning for venta tap			34	
Inngående balanse IFRS				34
Sum finansielle skyldnader til amortisert kost	4.010.376	0	877	4.011.253
Sum finansielle skyldnader	4.010.376	0	877	4.011.253
Sum verdiendringar			57.867	
Utsett skatt			-532	
Eigenkapital morbank 01.01.2020			57.335	

D Omklassifisering og verdiendringar ved overgang til IFRS, konsern

Konsernet får fylgjande endringar i eignelutar og skyldnader per 01.01.2020 ved overgang til IFRS:

	31.12.2019			01.01.2020
Finansielle eignelutar til amortisert kost	NGAAP	Omklassifisering	Verdiendringar	IFRS
Kontantar og fordringar på sentralbankar				
Utgående balanse NGAAP og inngående balanse IFRS	83.957			83.957
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsføretak				
Utgående balanse NGAAP	350.721			
Verdiendring: Nedskrivning for venta tap				
Inngående balanse IFRS				350.721
Utlån til og fordringar på kundar				
Utgående balanse NGAAP	4.077.269			
Omklassifisert til verkeleg verdi over utvida resultat		-2.775.899		
Verdiendring: Nedskrivning for venta tap			9.120	
Verdiendring: Uamortiserte gebyrinntekter				
Inngående balanse IFRS				1.310.490
Sum finansielle eignelutar til amortisert kost	4.511.947	-2.775.899	9.120	1.745.168



	31.12.2019			01.01.2020
Finansielle eignelutar til lægste verdi prinsipp	NGAAP	Reklassifisering	Verdiendringar	IFRS
Renteberande verdipapir				
Utgående balanse NGAAP	134.779			
Omklassifisert verkeleg verdi over resultat		-134.779		
Inngående balanse IFRS				0
Aksjar, lutar og andre eigenkapitalinstrument				
Utgående balanse NGAAP	91.430			
Omklassifisert til verkeleg verdi over resultat				
Omklassifisert til verkeleg verdi over utvida resultat		-91.430		
Inngående balanse IFRS				0
Sum finansielle eignelutar til lægste verdi prinsipp	226.209	-226.209	0	0

	31.12.2019			01.01.2020
Finansielle eignelutar til verkeleg verdi over resultatet	NGAAP	Reklassifisering	Verdiendringar	IFRS
Utlån til og fordringar på kundar				
Utgående balanse NGAAP	0			0
Omklassifisert frå lægste verdi prinsipp				
Verdiendring til verkeleg verdi				
Inngående balanse IFRS				0
Renteberande verdipapir				
Utgående balanse NGAAP	0			
Omklassifisert frå lægste verdi prinsipp		134.779		
Verdiendring til verkeleg verdi			838	
Inngående balanse IFRS				135.617
Aksjar og andre verdipapir med variabel avkastning (obligatorisk)				
Utgående balanse NGAAP	0			
Omklassifisert frå lægste verdi prinsipp				
Verdiendring til verkeleg verdi				
Inngående balanse IFRS				0
Sum finansielle eignelutar til verkeleg verdi over resultat	0	134.779	838	135.617

	31.12.2019			01.01.2020
Finansielle eignelutar til verkeleg verdi over utvida resultat	NGAAP	Reklassifisering	Verdiendringar	IFRS
Utlån til og fordringar på kundar				
Utgående balanse NGAAP	0			
Omklassifisert til verkeleg verdi over utvida resultat		2.775.899		
Verdiendring: Nedskrivning for venta tap			-8.581	
Attendeført steg I nedskrivning venta tap			1.628	
Inngående balanse IFRS				2.768.946



Renteberande verdipapir				
Utgående balanse NGAAP	0			
Omklassifisert frå lægste verdi prinsipp				
Verdiendring: Nedskrivning for venta tap				
Inngående balanse IFRS				
Aksjar og andre verdipapir med variabel avkastning (valt)				
Utgående balanse NGAAP	0			
Omklassifisert frå kostpris		91.430		
Verdiendring til verkeleg verdi			55.739	
Inngående balanse IFRS				147.169
Sum finansielle eignelutar til verkeleg verdi over utvida resultat	0	2.867.329	48.786	2.916.115
Sum finansielle eignelutar	4.738.156	0	58.744	4.796.900

	31.12.2019		01.01.2020	
	NGAAP	Reklassifisering	Verdiendringar	IFRS
Finansielle skyldnadar til amortisert kost				
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsforetak				
Utgående balanse NGAAP og inngående balanse IFRS	101.025			101.025
Innskot og andre innlån frå kundar				
Utgående balanse NGAAP og inngående balanse IFRS	3.704.190			3.704.190
Gjeld stifta ved utsteding av verdipapir				
Utgående balanse NGAAP og inngående balanse IFRS	200.000			200.000
Unyttar kredittar til kundar				
Utgående balanse NGAAP				
Verdiendring: Nedskrivning for venta tap			843	
Inngående balanse IFRS				843
Garantiar til kundar				
Utgående balanse NGAAP				
Verdiendring: Nedskrivning for venta tap			34	
Inngående balanse IFRS				34
Sum finansielle skyldnadar til amortisert kost	4.005.215	0	877	4.006.092
Sum finansielle skyldnadar	4.005.215	0	877	4.006.092
Sum verdiendringar			57.867	
Utsett skatt			-532	
Eigenkapital konsern 01.01.2020			57.335	



E Nedskrivningar etter IFRS 9 og utlånsforskrifta

Nedskrivningar etter IFRS 9 og utlånsforskrifta

Nedskrivningar på finansielle eignelutar, unyttta kredittrammer og garantiar er etter IFRS 9 per 01.01.2020 og etter NGAAP per 31.12.2019

	31.12.2019	01.01.2020 IFRS 9				Totale nedskrivningar
		Modellrekna Steg 1	Individuelt vurdert Steg 2	Steg 3	Steg 3	
Nedskrivningar etter IFRS 9 og utlånsforskrifta	Utlåns - forskrifta	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Livstid tap	
Utlån til og fordringar på kundar	43.075	5.294	10.006	6.660	20.575	42.536
-Nedskrivningar steg 1 utlån til verkeleg verdi over utvida resultat		-1.628				-1.628
Sum nedskrivning utlån og krav på kundar	43.075	3.666	10.006	6.660	20.575	40.908
Unyttta kredittrammer til kundar	0	352	224	266		843
Garantiar til kundar	0	20	5	8		34
Innskot i og krav på kredittinstitusjonar	0					0
Verdipapir	0					0
Sum nedskrivningar	43.075	4.038	10.236	6.934	20.575	41.784
Bokført som reduksjon av eignelutar	43.075	3.666	10.006	6.660	20.575	40.908
Bokført som avsetning under skyldnadar	0	372	230	275	0	876

F Overgangseffektar på utsett skatt

Avstemming av utsett skattefordel 31.12.2019 mot utsett skatt 01.01.2020:

Morbank

Avstemming av overgangseffektar	Utsett skattefordel
Utsett skattefordel 31.12.2019 NGAAP	- 350
Verdiendringar på utlån til kundar - reduserte nedskrivningar NGAAP-IFRS	135
Verdiendringar på utlån til kundar - steg 1 nedskrivningar FVOCI	407
Verdiendring på renteberande verdipapir	209
Verdiendring på eigenkapitalinstrument (aksjar)	
Verdiendring på unyttta kredittrammer og garantiar	- 219
Utsett skatt 01.01.2020 IFRS	182

Konsern

Avstemming av overgangseffektar	Utsett skattefordel
Utsett skattefordel 31.12.2019 NGAAP	- 1.058
Verdiendringar på utlån til kundar - reduserte nedskrivningar NGAAP-IFRS	135
Verdiendringar på utlån til kundar - steg 1 nedskrivningar FVOCI	407
Verdiendring på renteberande verdipapir	210
Verdiendring på eigenkapitalinstrument (aksjar)	
Verdiendring på unyttta kredittrammer og garantiar	- 219
Utsett skattefordel 01.01.2020 IFRS	526



G Ansvarleg kapital og kapitaldekning

Effekt på banken sin kapitaldekning ved implementering av IFRS

Morbank

	01.01.2020
Kapitaldekning	
Sparebanken sitt fond	752.011
Gåvefond	10.500
Fond for verdireguleringar	56.960
Sum eigenkapital	819.471
Frådrag for immaterielle eigenlutar	
Utsett skattefordel	
Frådrag for forsiktig verdsetting	
Frådrag for ansvarleg kapital i andre finansinstitusjonar	-65.701
Sum rein kjernekapital	753.770
Fondsobligasjonar	
Frådrag for overgangsreglar for fondsobligasjonar	
Frådrag for ansvarleg kapital i andre finansinstitusjonar	
Sum kjernekapital	753.770
Ansvarleg lånekapital	
Fond for urealiserte verdiendringar	
Frådrag for ansvarleg kapital i andre finansinstitusjonar	
Sum tilleggskapital	0
Netto ansvarleg kapital	753.770

	01.01.2020		
Eksponeeringskategori	Bereknings- grunnlag	Kapital krav %	Kapitalkrav
Statar	0	8,0 %	0
Lokale/regional styresmakter	6.030	8,0 %	482
Offentleg eigde føretak	0	8,0 %	0
Institusjonar	82.474	8,0 %	6.598
Føretak	88.067	8,0 %	7.045
Massemarknad	136	8,0 %	11
Pant i fast eigedom	2.252.582	8,0 %	180.207
Forfalte engasjement	26.209	8,0 %	2.097
Obligasjonar med fortrinnsrett	5.097	8,0 %	408
Fordringar på institusjonar og føretak med kortsiktig rating	0	8,0 %	0
Lutar verdipapirfond	0	8,0 %	0
Eigenkapitalposisjonar	154.509	8,0 %	12.361
Andre engasjement	17.661	8,0 %	1.413
CVA-tillegg	0	8,0 %	0
Sum kredittrisiko	2.632.765	8,0 %	210.621
Berekningsgrunnlag for operasjonell risiko	191.003	8,0 %	15.280
Frådrag for ansvarleg kapital i andre finansinstitusjonar	-65.701	8,0 %	-5.256
Sum kapitalkrav etter pilar 1	2.758.067	8,0 %	220.645
Kapitalbevaringsbuffer (rein kjerekapital)	2.758.067	2,5 %	68.952
Systemrisikobuffer (rein kjernekapital)	2.758.067	3,0 %	82.742
Motsyklisk buffer (rein kjernekapital)	2.758.067	2,5 %	68.952
Samla lovpålagt kapitalkrav	2.758.067	16,0 %	441.291
Kapitalkrav etter ICAAP (pilar 2)	2.758.067	1,9 %	53.100
Samla kapitalkrav pilar 1 og pilar 2	2.758.067		494.391



Rein kjernekapitaldekning % konsern	27,33 %
Kjernekapitaldekning % konsern	27,33 %
Kapitaldekning % konsern	27,33 %
Rein kjernekapitaldekning 31.12.2019 etter NGAAP	27,14 %
Effekt av overgang til IFRS pr 01.01.2020	0,19 %
Omarbeiding av kapitaldekning ved implementering av IFRS	01.01.2020
Rein kjernekapital 31.12.2019	746.139
Endring i egenkapital ved overgang til IFRS	57.335
Endring utsett skattefordel ved overgang til IFRS	350
Endring frådrag for ansvarleg kapital i andre finansinstitusjoner	-50.054
Rein kjernekapital 01.01.2020	753.770
Kjernekapital 31.12.2019	753.770
Endra justeringar ifm. overgang til IFRS	
Kjernekapital 01.01.2020	753.770
Ansvarleg kapital 31.12.2019	753.770
Endra justeringar ifm. overgang til IFRS	
Ansvarleg kapital 01.01.2020	753.770
Berekningsgrunnlag 31.12.2019	2.749.377
Frådrag for ansvarleg kapital i andre finansinstitusjonar	-50.054
Auka frådrag for forsiktig verdsetjing	
Endra nedskrivningar ifm. overgang til IFRS 9 (sjå note x)	2.167
Endring balanseverdi eigenkapitalposisjonar	56.577
Berekningsgrunnlag 01.01.2020	2.758.067

Eigneluter og gjeld i utanlands valuta

Banken har ikkje gjeldspostar i utanlandsk valuta.

Under eignelutar er det bokført:	2020	2019
Setlar og skiljemynt	893	785

Summen er rekna om etter kjøpskurs 31.desember

Periodisering / inntektsføring / kostnader

Gebyr og provisjonar vert tekne inn i resultatrekneskapen etter kvart som dei vert opptente og kostnader har forfalle.

Utbyte av aksjar og eigenkapitalbevis vert inntektsførde det året summane vert utbetalt.

Etableringsgebyr skal periodiserast dersom det overstig kostnadane ved etablering av det einskilde lånet, jf. retningsliner frå Finanstilsynet. Banken sine satsar dekkjer berre kostnader til låneetableringa, og vert difor ikkje periodiserte.

Opptente, ikkje betalte inntekter vert tekne til inntekt og førde som krav i balansen ved rekneskapsavslutning.

Forskotsbetalte inntekter og påkomne, ikkje betalte kostnader vert førde som gjeld i balansen ved rekneskapsavslutning.

Prinsipp for rekneskaphandsaming av gjeld

Gjeld vert balanseført til nominell verdi og vert ikkje endra for endring i rentenivå.

Finansielle derivat

Banken har ikkje hatt finansielle derivat i 2020.

Note 3 Bruk av estimat og skjønsmessige vurderingar

Ved utarbeiding av årsrekneskapen har leiinga i banken etter beste skjønn nytta estimat basert på føresetnader som er vurdert å vera realistiske. Det vil kunne koma endringar eller situasjonar i marknaden som kan medføre endra estimat, som og kan påverka banken sine eignelutar, gjeld, eigenkapital eller resultat.

Nedskrivning for forventta tap på utlån

PD-LGD-modellen byggjer på fleire kritiske føresetnader som vert fastsette av banken. Føresetnadene påverkar storleiken på forventta tap (ECL) på utlån. Dei kritiske føresetnadene er risikoklassifisering, forventta levetid, sannsyn for mislighald (PD) og tap ved misleghald (LGD). I tillegg vert konjunkturutvikling og makrovariablar vekta.

For trinn 1 (friske konti) vert 12-månaders ECL utrekna. For engasjement som er i trinn 2 (vesentleg auke i kredittrisiko) og trinn 3 (objektivt tapsbevis) vert livstids-ECL utrekna. Det er utført stresstest og vurdering av sensitivitet i tapsmodellen i note 9.

Verkeleg verdi for finansielle instrument

Verkeleg verdi på finansielle instrument som ikkje vert omsett i ein aktiv markand vert fastsette ved å nytte ulike verdsetjingsteknikkar. I desse vurderingane søkjer banken i størst mogleg grad å basera seg på marknadshøve på balansedagen.

Verkeleg verdi for finansielle instrument går fram av note 31.

Note 4 Styring av risiko

Risiko er eit sentralt tema ved drift av bankverksemd, og risikostyring og kontroll er grunnleggjande for den daglege drifta av banken og styret si oppfølging. Risikostyring og internkontroll skal bidra til at banken vert styrt på ein måte som støttar opp om dei strategiske målsetjingane til banken for å sikre ei langsiktig verdiskaping. Dei overordna rammene for risikoeksponering og styring vert vurdert og fastsett årleg i banken sine styrande dokument. Desse vert fylgt opp og rapportert til styret regelmessig. Styret skal gjennom risikorapport og andre rapportar få framlagt status på dei fastsette styringsmål og rammer minimum kvart kvartal. Dei viktigaste risikoane er kredittrisiko, likviditetsrisiko, marknadsrisiko og operasjonell risiko.

Kredittrisiko

Kredittrisiko er faren for tap som fylgje av at motpartar ikkje har evne eller vilje til å gjera opp skuld, avtalar og plikter dei har mot banken. Voss Sparebank skal utøva kredittverksemda si med låg risiko. Låg risiko tilseier tilstrekkeleg og god beteningssevne og tilfredsstillande trygd. Trygd skal aldri vega opp for manglande beteningssevne.

Banken skal ha ei fordeling mellom privat- og næringsengasjement som gjev eit høveleg nivå på risiko. På lang sikt skal ein styra mot ei fordeling på 75 % / 25 % (brutto utlån), og 70 % / 30 % (engasjement) I enkelte år og periodar med låg vekst innan privatmarknaden vil det kunne vera avvik frå dette.

Marknadsområdet til Voss Sparebank er Voss herad og områda som naturleg soknar til Voss. Innan privatmarknaden ynskjer banken å fylgja vossingar som flyttar ut av heradet og framleis vera hovudbank for dei vidare. Voss Sparebank kan òg vera hovudbank for andre privatkundar utanfor marknadsområdet der banken finn dette naturleg. Innan bedriftsmarknaden skal alle kundane/prosjekta vera heimehøyrande i marknadsområdet. Unntak frå dette kan gjerast der kundar heimehøyrande i marknadsområdet får finansiering på enkeltengasjement utanfor marknadsområdet der dette fell naturleg for verksemda deira.

I tillegg til dei overordna policyane er det styringsmål som vert fastsett av styret knytt til største enkeltengasjement, sum av ti største engasjement samt misleghald. Les meir om kredittrisiko knytt til utlånsportefølje i note 5-8.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko kan skildrast slik: Risikoen for at banken ikkje er i stand til å innfri plikter eller til å finansiere eignelutar (medrekna ynskje om vekst), utan vesentlege kostnader.

Voss Sparebank skal ha ein likviditetsstrategi som sikrar at banken til ei kvar tid har nok likviditet til å kunna oppfylle banken sine økonomiske plikter ved forfall samt dei krav som vert sett av banken sitt styre og styresmaktene. Styret går jamleg gjennom banken sine risikoar og fastset overordna rammer og målsetjingar.



Lang sikt

Tilgjengeleg finansiering består av innskot, ansvarleg kapital, obligasjonar og sertifikat. Finansieringa skal sikrast til lågast mogeleg pris og risiko.

Mellomlang sikt

Forfall på obligasjons- og sertifikatgjeld dei neste seks månadene bør som hovudregel i sum utgjera mindre enn kr 100 mill. Dersom forfall på obligasjons- og sertifikatgjeld er meir enn kr 150 mill. dei neste seks månadene skal det setjast i verk refinansiering av gjelda. Naudsynt refinansiering av obligasjonslån eller sertifikatlån skal som hovudregel vera klarert med tilretteleggjar/kredittføretak innan ein måned før forfall.

Kort sikt

Banken skal som hovudregel ha klargjort ei portefølje med bustadlån på minimum kr 100 mill. som på kort tid kan overførast til bustadkredittføretak. LCR og NSFR skal minst vera på nivå med krav fastsett av styresmaktene.

Sjå note 14 for meir opplysingar om likviditetsrisiko.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko kan skildrast slik: Risiko for tap som fylgje av endringar i observerbare marknadskursar som renter, verdipapirkursar og valutakursar. Marknadsrisiko er eit samleomgrep for risikoområda aksjerisiko, renterisiko, valutarisiko og «spreadrisiko». Styret har vedteke retningslinjer for kva som er akseptabel risiko på dei ulike delområda.

Renterisiko

Renterisiko oppstår ved at det er ulik bindingstid på banken sine fordringar og gjeld. For banken gjeld dette fastrentelån og fastrenteinnskot. Voss Sparebank tilbyr fastrentelån med binding inntil 5 år og fastrenteinnskot med binding inntil 1 år. Per 31.12.2020 var det kr 108,3 mill. i fastrentelån med ein snittdurasjon på 2,2 år og kr 77 mill. i fastrenteinnskot. Det er ikkje inngått rentebytteavtale då vurdert risiko er innanfor akseptabelt nivå.

Valutarisiko

Valutarisiko er definert som risiko for tap som fylgje av kursendring knytt til valutaplassering. Banken kan tilby terminavtalar ved valutahandel. Dette blir gjort gjennom DNB. Kunden informerer om valutasort, sum og kjøpstidspunkt. Ut frå dette vil DNB gje ein avtalt kurs. Banken har til ei kvar tid reisevaluta i kassa for sal til banken sine kundar. Storleiken på behaldninga tilseier at valutarisiko er ubetydeleg.

Aksjekursrisiko

Aksjekursrisiko er definert som risiko for tap som fylgje av kursendring knytt til plassering i aksjar, aksjefond og egenkapitalbevis. Banken si aksjebeholdning består av to hovudgrupper:

- Banken si behaldning av aksjar i selskap som er strategiske samarbeidspartnarar og andre langsiktige investeringar (som til dømes forsikringsselskap, leasingselskap, andre produktselskap med meir).
- Banken si behaldning av aksjar som er forretningsmessige investeringar, og som berre blir vurdert ut frå dette. Banken si behaldning av slike aksjar har historisk vore låg.

Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er risikoen for tap som fylgje av utilstrekkelege eller sviktande interne prosessar eller system, menneskelege feil eller eksterne hendingar. Av risikoar som vert vurderte nærare etter kapitalkravforskrifta, kan nemnast konsentrasjonsrisiko, geografisk risiko, omdømerisiko og strategisk risiko.

Styret er oppteken av at strategisk/forretningsmessig risiko og omdømerisiko vert handsama på ein god måte. Styret arbeider difor systematisk med strategiske vurderingar og legg stor vekt på godt samfunnsansvar og gode etiske haldningar. Voss Sparebank skal ikkje gjennomføra investeringar som utgjer ein risiko for at me medverkar til uetiske handlingar, som t.d. grove eller systematiske krenkingar av menneskerettane og/eller alvorlege miljøskader.

Voss Sparebank er svært avhengig av moderne teknologi, særleg IKT-løysingar. Våre IKT-løysingar vert leverte av TietoEvry. Deira retningslinjer for utvikling, leveranse og datatryggleik gjeld for desse tenestene.

Voss Sparebank har eigne retningslinjer for å sikra at drifta er i samsvar med IKT-forskriftene.



Note 5 Kredittrisiko

Kredittrisiko oppstår i hovudsak i banken si utlånsportefølje. I tillegg er det kredittrisiko i beholdninga av obligasjonar og sertifikat. Kredittrisiko er ein vesentleg risiko for banken og består i hovudsak av netto utlån til kundar, kontantar og fordringar på sentralbankar. Det er i tillegg kredittrisiko på finansielle garantiar og lånetilsegn.

Den maksimale kreditteksponeringa til banken per 31.12.2020:

	31.12.2020
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	1 15 572
Skattekostnad på totalresultatet	12.301	16.402	12.391	16.398
Skattekostnad på totalresultat er fordelt slik:				
Skatt på resultat frå vidareført verksemd	12.356	16.402	12.445	16.398
Skatt på andre inntekter og kostnader	-55	0	-55	0
Formuesskatt (andre driftskostnader frå 2020)	1.400	0	1.400	0
Skuldig betalbar skatt i balansen	13.457	16.180	13.522	16.180
Utsett skatt (utsett skattefordel)				
Vinst- og tapskonto	2.560	3.200	3.083	3.804
Overfinansiering, pensjon	0	0	0	0
Sum positive skilnader	2.560	3.200	3.083	3.804
Varige driftsmidlar	-908	-1.047	-4.541	-4.705
Pensjonsansvar, andre avsetjingar mv.	26	-3.553	26	-3.717
Nedskrivning finansielle instrument	0	0	0	0
Sum negative skilnader	-882	-4.600	-4.515	-8.422
Netto midlertidige skilnader	1.680	-1.400	-1.432	-4.618
Netto utsett skattefordel (25 % / 22%)	420	-350	-264	-1.058
Utsett skatt(efordel) pr 01.01.2020 v/ overgang IFRS		182		-526
Endring utsett skatt ført mot egenkapitalen 01.01.2020		-532		-532
Sum skatteforpliktning i balansen	13.877	16.180	13.522	16.180



Note 29 Verdssettjingshierarki finansielle instrument til verkeleg verdi

01.01.2020	Konsern			Sum
	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Totalt
Finansielle instrument verdsett til verkeleg verdi				
Utlån til kundar til verkeleg verdi over utvida resultat			2.768.946	2.768.946
Obligasjonar til verkeleg verdi over resultat		135.617		135.617
Aksjar til verkeleg verdi over utvida resultat	32.640		114.529	147.169
Sum	32.640	135.617	2.883.475	3.051.732

31.12.2020	Konsern			Sum
	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Finansielle instrument verdsett til verkeleg verdi				
Utlån til kundar til verkeleg verdi over utvida resultat			3.174.363	3.174.363
Obligasjonar til verkeleg verdi over resultat		227.392		227.392
Rentefond til verkeleg verdi over resultat				0
Aksjer til verkeleg verdi over resultat	1.723			1.723
Aksjer til verkeleg verdi over utvidet resultat	33.722		130.087	163.809
Sum	35.445	227.392	3.304.450	3.567.287

Avstemming av nivå 3	Utlån til		
	kundar	Aksjar	Sum trinn 3
Finansielle instrument verdsett til verkeleg verdi 01.01.2020	2.768.946	114.529	2.883.475
Realisert vinst/tap			
Urealisert vinst/tap ført mot resultat		-99	
Urealisert vinst/tap ført mot utvidet resultat	-222	14.600	14.378
Kjøp	493.108	1.137	494.245
Sal	-87.469	-80	-87.549
Finansielle instrument verdsett til verkeleg verdi 30.09.2020	3.174.363	130.087	3.304.450
Avstemming	0	0	0

Verkeleg verdimålingar og opplysningar klassifisert etter nivå

I tabellene vert det nytta følgjande inndelingar i nivå:

Nivå 1: I nivå 1 ligg finansielle instrument som vert verdsette ved bruk av noterte prisar i aktive marknader for like eignelutar og skyldnadar. I denne kategorien ligg børsnoterte aksjer, sertifikat og statsobligasjonar som vert omsett i aktive marknader.

Nivå 2: I nivå 2 ligg finansielle instrument som vert verdsette ved bruk av informasjon som ikkje har noterte prisar, men der prisar er direkte eller indirekte observerbare for eignelutar og skyldnadar, inkludert noterte prisar frå ikkje aktive marknader for like eignelutar og skyldnadar. I kategorien ligg sertifikat og obligasjonar som vert omsett i ikkje aktive marknader.

Verdivurderinga i nivå 2 baserer seg i hovudsak på observerbar marknadsinformasjon i form av rentekurver, valutakursar og kredittmarginar til dei ulike sertifikat og obligasjonane.

Nivå 3: I nivå 3 ligg finansielle instrument som ikkje kan verdsettast ut frå direkte og indirekte observerbare prisar. Her ligg aksjer som ikkje vert omsett i aktive marknader og utlån til kundar som ligg i IFRS 9 kategorien "Verkeleg verdi over utvida resultat". Pris/bok prinsippet vert i stor grad lagt til grunn der det ikkje finns transaksjonar eller eit fungerande marknad der prisen vert sett, då vert P/B lik 1.

Verdivurderinga i nivå 3 byggjer på vurdering av eignelutar og gjeld i selskap, forventna kontantstraumar, og andre verdsettjingsmodellar som byggjer på opplysningar som ikkje er observerbare eller eksternt verifiserbare. Utlån i kategorien "Verkeleg verdi over utvida resultat" vert nedskrive i tråd med reglane for amortisert kost etter IFRS 9. Nedskrivninga i steg 1 er modellutrekna og vil truleg ikkje påverke verdien av utlånet ved eit eventuelt sal. Verkeleg verdi på utlån til "Verkeleg verdi over utvida resultat" er soleis vurdert til amortisert kost utan nedskrivning i steg 1.

Banken sine verdsettjingsmetodar maksimerer bruken av observerbare data der dette er tilgjengelig og byggjer minst mogeleg på banken sine egne vurderingar.



Note 30 Klassifisering av finansielle instrument

31.12.2020

	Finansielle eignelutar og gjeld vurdert til amortiser kost	Finansielle instrument til verkeleg verdi med verdiendring over resultat (FVTPL)	Finansielle instrument til verkeleg verdi over utvida resultat (FVOCI)	Sum
Eignelutar				
Kontantar og tilsvarende	15.959	-	-	15.959
Utlån og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsføretak	460.494	-	-	460.494
Utlån til og fordringar på kundar	1.068.855	-	3.174.363	4.243.218
Renteberande verdipapir	-	227.392	-	227.392
Finansielle derivat	-	-	-	-
Aksjar, lutar og andre eigenkapitalinstrument	-	1.723	163.807	165.530
Eigarinteresser i tilknytte selskap og felleskontrollerte verksemdar	-	-	-	-
Eigarinteresser i konsernselskap	7.642	-	-	7.642
Sum eignelutar	1.552.950	229.115	3.338.170	5.120.235
Gjeld				
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsføretak	684	-	-	684
Innskot og andre innlån frå kundar	3.977.725	-	-	3.977.725
Gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	250.000	-	-	250.000
Finansielle derivat	-	-	-	-
Anna gjeld	11.000	-	-	11.000
Avsetjingar	15.025	-	-	15.025
Ansvarleg lånekapital	-	-	-	-
Fondsobligasjonskapital	-	-	-	-
Sum gjeld	4.254.434	-	-	4.254.434

Note 31 Netto vinst tap på finansielle instrument

	2020	2019
Netto vinst/tap på finansielle instrument til verkeleg verdi		
Netto vinst/tap på valuta	328	-
Netto verdiendring på utlån	-	-
Netto vinst/tap på rentebærande papir	208	-
Netto vinst/tap på aksjar	656	-
Netto vinst/tap på finansielle instrument til verkeleg verdi	1.192	-
Netto vinst/tap på finansielle skuldnadar til amortisert kost	-	2.956
Netto vinst/tap på finansielle eignelutar målt til amortisert kost	-	-
Netto vinst/tap på inv. i aksjar målt til FVOCI	15.490	-
Netto vinst/tap på finansielle eignelutar målt til FVOCI	- 166	-
Netto vinst/tap på finansielle instrument	16.516	2.956



Note 32 Varige driftsmidler

Faste eiendomar og andre varige driftsmidler vert i balansen førde til kostpris, ordinære avskrivningar og moglege nedskrivningar vert trekte frå. Ordinære avskrivningar er baserte på kostpris, og avskrivningane vert fordelte likt over driftsmidlane si levetid. Dersom den verkelege verdien av eit driftsmiddel er monaleg lågare enn den bokførde verdien, og nedgangen ikkje er mellombels, vert driftsmidlet skrivne ned til verkeleg verdi. Driftsmidlane vert verdsette kvar for seg. Bankbygget er dekomponert i bygg og tekniske installasjonar samt tomt.

	Maskiner, inventar ol	Fast eigedom	Varige driftsmidler
MORBANK			
Nyskaffingskostnad 01.01	14.251	-	14.251
+ Kjøp i året	30	-	30
- Sal i året	-	-	-
= Nyskaffingskostnad 31.12	14.281	-	14.281
Samla avskrivningar pr. 31.12	11 912	-	11.912
Samla nedskrivningar pr. 31.12	-	-	-
Bokført verdi 31.12.20	2.369	-	2.369
Årets avskrivningar	131	-	131
<i>Økonomisk levetid</i>	<i>3-10år</i>		

	Maskiner, inventarol	Fast eigedom	Varigedriftsmidler
KONSERN			
Nyskaffingskostnad 01.01	14.251	74.631	88.882
+ Kjøp i året	30	-	30
- Sal i året	-	1.550	1.550
= Nyskaffingskostnad 31.12	14.281	73.081	87.362
Samla avskrivningar pr. 31.12	11.912	18.399	30.311
Samla nedskrivningar pr. 31.12	-	9.350	9.350
Bokført verdi 31.12.20	2.369	45.332	47.701
Årets avskrivningar	131	1.700	1.831
<i>Økonomisk levetid</i>	<i>3-10år</i>	<i>10-50år</i>	

Avskrivningsplan – økonomisk levetid for varige driftsmidler

EDB-maskiner	3 år
Andre maskiner	3 / 5 år
Inventar m.v.	5 / 10 år
Transportmidlar	5 år
Bankbygg	50 år
Faste, tekniske installasjonar i bygg	10 år

Avskrivningsplanen er ikkje endra frå tidlegare år.

Oppstilling over konsernet sine faste eiendomar inkl. tomteverdi

		Bokført verdi	
Dotterselskap – Vangsgata 18	Bankbygg	45.300	Utleige 100 % til morbank
Dotterselskap – Istadosen	Tomt	32	Utan avkastning
Sum fast eigedom		45.332	



Note 33 Verdpapirgjeld

Verdpapirgjeld	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	Bokført verdi			Rentevilkår
				31.12.20	31.12.19	01.01.20	
Sertifikat- og obligasjonslån							
NO0010852775	21.05.2019	21.08.2019	100.000	0	0	0	1,55 %
NO0010868888	21.11.2019	21.02.2020	100.000	0	100.000	100.000	2,14 %
NO0010875735	21.02.2020	19.02.2021	100.000	50.000	0	0	3 mnd. NIBOR + 0,16 %
NO0010836380	15.11.2018	15.11.2021	100.000	100.000	100.000	100.000	3 mnd. NIBOR + 0,56 %
NO0010874381	04.02.2020	04.02.2025	150.000	100.000	0	0	3 mnd. NIBOR + 0,66 %
Sum gjeld ved utferding av verdipapir				250.000	200.000	200.000	

Endringer i verdipapirgjeld i perioden	Balanse 01.01.2020	Emitert	Forfalle innløst	Andre endringer	Balanse 31.12.2020
Sertifikatgjeld	100.000	50.000	-100.000	0	50.000
Obligasjonsgjeld	100.000	100.000	0	0	200.000
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir, pålydande	200.000	150.000	-100.000	0	250.000
Rekna, ikkje betalte renter på verdipapirgjeld	0	0	0	296	296
Sum gjeld stifta ved utferding av verdipapir	200.000	150.000	-100.000	296	250.296

Note 34 Garantiar

Betalingsgarantiar	14 875	35 864
Kontraktsgarantiar	16 094	18 103
Lånegarantiar	-	2 761
Garantiar for skatt m.m.	100	100
Anna garantiansvar	6 198	375
Samla garantiansvar, morbank	37 267	57 203

Garantiansvaret er ikkje kontragarantert av andre finansinstitusjonar.

Note 35 Avsetjingar/anna gjeld

	2020	2019
Skatte- og avgiftsgjeld	15 641	18 023
Bankremisser / Advisert giro	885	1 098
Interimskonti	2 749	2 674
Leverandørgjeld	225	-
Gåver, ikkje utbetalte	4 570	4 398
Avsetjingar for pensunsskuldadar	126	1 096
Avsetjingar for tap på garantiar og unyttta kredittar	1 021	-
Andre kreditorar	808	2 880
Morbank	26 025	30 229
Konsern	25 670	30 229

Det er ikkje særskilde vilkår knytt til gjeldspostane i balansen. Banken har ikkje gjeld i valuta.



Note 36 Gjennomsnittleg effektiv rente

Gjeldspostar :	2020	2019
Gjeld til kredittinstitusjonar	2,75%	2,27%
Innskot frå kundar u/ avtalt bindingstid	0,41%	0,62%
Innskot frå kundar m/ avtalt bindingstid	1,56%	2,05%
Sertifikatlån	1,28%	1,60%
Obligasjonslån	1,47%	2,08%
Gjennomsnittleg effektiv rente	0,80%	1,00%

Gjennomsnittsaldo månadleg.

Andre gjeldspostar har ikkje renteeksponering.

Note 37 Vinst/tap Anlegg

Det er ikkje bokført vinst eller tap ved realisasjon av anleggsmidler i 2020.

I høve ein større aksjetransaksjon i Frende Holding AS vart det synleggjort ein marknadsverdi som var monaleg høgare enn den bokførde verdien av Voss Sparebank sin aksjebeholdning. Banken eig 51.061 aksjar i selskapet, og desse var bokførde til kr 200 pr aksje. Oppskrivninga til den nye marknadsverdien medførde ein vinst over utvida resultat (OCI) på kr 16,2 mill.

Note 38 Resultat i høve rådveldekapital

	2020	2019
Rådveldekapital, middelverdi	5 034 872	4 645 833
Resultat etter skatt	37 166	49 119
Resultat etter skatt i prosent av rådveldekapital	0,74%	1,06%

Note 39 Postar utanom balansen

Garantiar, sjå note 2.

Eigneluter stilt som trygd :

Ihendehavarobligasjonar stilt som trygd for D-lån i Noregs Bank : 76,0 mill bokført verdi.

Banken har ikkje nytta D-lån i rekneskapsåret.

Banken er medeigar i Verd Boligkreditt AS, og har ført over lån pålydande 228,1 mill kroner.

Dette kjem i tillegg til den balanseførde verdien av utlån til kundar.

**Voss Sparebank**

Offentliggjøring av opplysningar om ansvarleg kapital pr 31.12.2020

Transitional own funds disclosure template

Tal i heile tusen kroner / amount in 1.000 NOK		(A)	(B)	(C)
Rein kjernekapital : Instrument og opptent kapital		Beløp på dato for offentliggjøring	Referansar til artiklar i forordninga (CRR)	Beløp omfatta av overgangsreglar
(Common Equity Tier I capital (instruments and reserves))		Amount at disclosure date	Regulation (EU) No 575/2013 article reference	Amounts subject to pre-regulation (EU) NO 575/2013 Treatment or prescribed residual amount of regulation (EU) NO 575/2013
2	Opptent egenkapital i form av tidligare års tilbakeholdne resultat	867 961	26 (1) (C)	
6	Rein kjernekapital før regulatoriske justeringar	867 961		
8	Immaterielle eignelutar redusert med utsett skatt	-	36 (1) (b) og 37	
18	Direkte behaldning av rein kjernekapital i andre selskap innan finansiell sektor	- 74 087	36 (1) (i), 43, 45, 47, 48 (1) (b), 49 (1) til (3) og 79	
	Verdijustering for krav om forsvarleg verdifastsetjing	-3 174	34 og 105	
28	Sum regulatoriske justeringar i ren kjernekapital	-77 261		
29	Rein kjernekapital	790 700		
45	Kjernekapital	790 700		
59	Ansvarleg kapital	790 700		
60	Berekningsgrunnlag	2 825 081		
61	Rein kjernekapitaldekning	27,99%		
62	Kjernekapitaldekning	27,99%	92 (2) (b)	
63	Kapitaldekning	27,99%	92 (2) (c)	
64	Kombinert bufferkrav som prosent av berekningsgrunnlaget	6,50%	CRD 128, 129, 130, 131 og 133	
65	Av dette : kapitalbevaringsbuffer	2,50%		
66	Av dette : motsyklisk buffer	1,00%		
67	Av dette : systemrisikobuffer	3,00%		
68	Rein kjernekapital tilgjengeleg for oppfylling av bufferkrav	19,99%	CRD 128	
72	Behaldning av ansvarleg kapital i andre selskap i finansiell sektor der institusjonen har ei ikkje vesentleg investering, og som samla er under grensa på 10 %.	86 795	36 (1) (h), 45, 46, 472 (10), 56 (c), 59, 60, 66 (c), 69 og 70	
75	Utsett skattefordel	-	36 (1) (c), 38 og 48	



Eigarstyring og leiing av banken

Vedtekter

Voss Sparebank sitt føremål er fastsett i vedtektene. Banken er ikkje aksjebank og har ikkje utferd eigenkapitalbevis. Innanfor gjeldande lover skal banken utføra alle forretningar og tenester som det er vanleg eller naturleg at banken gjer.

Visjon, strategi og verdiar

Voss Sparebank skal vera det naturlege fyrstevalet innan bank og banktenester på Voss. Banken skal levera gode kundeopplevingar og ha konkurransedyktig vilkår på sine produkt og tenester, til det beste for kundane og Vossabygda. Styret har ein årleg strategiprosess, der overordna mål og strategiske val vert fastsette. På grunnlag av dei vert det utarbeidd budsjett og handlingsplanar. Dei tilsette har delteke aktivt med å utarbeida den strategiske plattformen til banken.

Dei sentrale organa i Voss Sparebank er generalforsamlinga og styret.

Generalforsamlinga er banken sitt øvste styringsorgan og er sett saman av tre grupper. Ni medlemar er valde av kundane, tre er valde av kommunen og fire er valde av dei tilsette. Generalforsamlinga ser til at sparebanken verkar etter føremålet sitt i samsvar med lover, vedtekter og generalforsamlinga sine vedtak. Generalforsamlinga vel styre, valnemnd og revisor. Generalforsamlinga godkjenner årsrekneskapen og godkjenner gåver til ålmennyttige tiltak, vedtek godtgjersle til dei tillitsvalde og pensjonsavtale for dei tilsette. Oppretting eller nedlegging av filialar utanfor kommunen og opptak av ansvarleg lånekapital, er også lagt til generalforsamlinga. Etter framlegg frå valnemnda vel generalforsamlinga medlemmer til styret.

Styret har seks medlemar. Ein medlem og ein vara-medlem skal veljast mellom dei tilsette. Banksjefen er ikkje medlem av styret, men har plikt og rett til å vera til stades i styremøta. Styret står ansvarleg for verksemda i samsvar med lover, vedtekter og nærare føringar av generalforsamlinga. Styret har ansvaret for at dei midlane sparebanken rår over vert forvalta på trygg og føremålstenleg måte og skal syta for tilfredsstillande organisering av verksemda. Styret tilset banksjef og fastset

instruks for han. Styret skal sjå til at banken har god internkontroll for å oppfylle dei krava som gjeld for verksemda. Inn under dette kjem òg verdigrunnlag og etiske retningslinjer. Styret har valt to av medlemene til risikoutval som førebuande utval for styret i samband med risikotoleranse og risikostrategi, vurdering av kvartalsvise risikorapportar og årleg ICAAP-rapport. Heile styret fungerer som revisjonsutval.

I 2020 har styret hatt 12 møter. Styret har innført rutinar for evaluering eige arbeid og kompetanse.

Valnemnda i banken førebur både valet på kunderepresentantar til generalforsamlinga og val på representantar til styret og valnemnd.

Revisor utfører oppgåvene sine i samsvar med gjeldande regelverk og god revisjonsskikk. Revisor gjev merknader og meldingar til styret og til generalforsamlinga. Revisor har minst eitt årleg møte med styret om sentrale tema som rekneskap, rapportering og det interne kontroll-arbeidet i banken.

Banksjefen har resultatansvaret for verksemda, og har den daglege leiinga av verksemda i samsvar med gjeldande lover og vedtekter og retningslinjer som generalforsamlinga og styret gjev. Banksjefen førebur styresakene og har fullmakt til å avgjera alle vanlege bank-forretningar.

Rapport om berekraft, klima, samfunnsansvar og etiske retningslinjer er utarbeidd av styret, og vert årleg gjennomgått av dei tilsette. Styret legg stor vekt på at all bankverksemd skal utøvast med stor vekt på etikk og godt samfunnsansvar.

Informasjon og kommunikasjon

På www.vossabanken.no vert det publisert finansiell og annan relevant informasjon til kundane og andre interesserte. Her finn ein også retningslinjene til banken om etikk og samfunnsansvar.



Voss, 25.februar 2021


Stadfesting frå styret og banksjef

Me stadfestar at:

Voss Sparebank sin årsrekneskap for 2020 etter beste vitande og vilje er utarbeidd etter gjeldande rekneskapsstandard, og at informasjonen i rapporten syner eit rettvissande bilete av banken sine eignelutar, skuldnadar, resultat og finansielle situasjon.


Det vert vidare stadfesta at årsmeldinga frå styret syner eit rettvissande bilete av banken si utvikling og vurdering av risikosituasjonen innan dei mest sentrale risiko-områda.


Steinar Hjørnevik
- Styreleiar -



Tor Ivar Johnsson
- Nestleiar -


Kristin Lemme


Helene Stråtveit


Gunn Irene
Hommedal Kvitne


Rolf Haukås
- Tilstett -


Jørund Rong
- Adm. banksjef -



RSM Norge AS

Strandavegen 11, 5705 Voss
Boks 136, 5701 Voss
Org.nr: 982 316 588 MVA

T +47 56 52 04 00
F +47 56 52 04 01

www.rsmnorge.no

Til generalforsamlinga i Voss Sparebank

Melding frå uavhengig revisor

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Me har revidert Voss Sparebank sin årsrekneskap som er samansett av:

- selskapsrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2020, resultatrekneskap, oppstilling over endringar i eigenkapital og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, og
- konsernrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2020, resultatrekneskap, oppstilling over endringar i eigenkapital og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- er årsrekneskapen utarbeidd i samsvar med lov og forskrifter
- gir selskapsrekneskapen som følgjer med eit rettvisebilete av den finansielle stillinga til Voss Sparebank per 31. desember 2020 og av banken sine resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret som blei avslutta per denne datoen i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsett av EU.
- gir konsernrekneskapen som følgjer med eit rettvisebilete av den finansielle stillinga til konsernet Voss Sparebank per 31. desember 2020 og av konsernet sine resultat og kontantstraumar for det avsluttande rekneskapsåret i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsett av EU.

Grunnlag for konklusjonen

Me har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Me er uavhengige av banken og konsernet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og me attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

THE POWER OF BEING UNDERSTOOD

AUDIT | TAX | CONSULTING

RSM Norge AS is a member of the RSM network and trades as RSM. RSM is the trading name used by the members of the RSM network. Each member of the RSM network is an independent accounting and consulting firm which practices in its own right. The RSM network is not itself a separate legal entity in any jurisdiction.

RSM Norge AS er medlem av/is a member of Den norske Revisorføring.

Melding frå uavhengig revisor 2020 for Voss Sparebank



I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den og årsrekneskapen eller kunnskap me har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom me konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er me pålagde å rapportere det. Me har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og adm. banksjef sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og adm. banksjef (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsett av EU. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen er leiinga ansvarleg for å ta standpunkt til banken og konsernet si evne til å halde fram med drifta, og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen med mindre leiinga enten har til hensikt å avvikle konsernet eller leggje ned verksemda, eller ikkje har noko realistisk alternativ til dette.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tek basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver me profesjonelt skjønning og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår me risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Me utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, medvitne utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider me oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av banken og konsernet sin interne kontroll.
- evaluerer me om rekneskapsprinsippa som er nytta, er føremålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer me, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden ved fastsetjing av årsrekneskapen er føremålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape vesentleg tvil om banken og konsernet si evne til å halde fram med drifta. Dersom me konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må me i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at me modifiserer konklusjonen vår. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at banken og konsernet ikkje held fram med drifta.



Melding frå uavhengig revisor 2020 for Voss Sparebank

- evaluerer me den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggssopplýsingane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilete.
- innhentar me tilstrekkeleg og føremålstenleg revisjonsbevis knytt til den finansielle informasjonen til einingane eller forretningsområda i konsernet for å kunne gi uttrykk for ei meining om den konsoliderte årsrekneskapen. Me er ansvarlege for å leie, følge opp og gjennomføre konsernrevisjonen. Me åleine er ansvarlege for vår revisjonskonklusjon.

Me kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Me utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som me har avdekkja i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Me gir styret ei melding om at me har etterlevd relevante etiske krav til uavhengigheit, og om at me har kommunisert og vil kommunisere med dei alle relasjonar og andre tilhøve som innanfor rimelege grenser kan tenkjast å kunne påverke uavhengigheita vår, og der det er relevant, om tilhøyrande åtgjerder.

Uttale om andre lovmessige krav


Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner me at opplysningane i årsmeldinga og i utgreiinga om samfunnsansvar om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til resultatdisponering er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar me har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner me at leiinga har oppfylt plikta si til å syta for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av banken og konsernet sine rekneskapsopplýsingar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Voss, 3. mars 2021
RSM Norge AS


Harald Bjøtveit
statsautorisert revisor



Skildring av nytta nykeltal

	2020	2019
Rådeveldekapital (mill.)	5 122,7	4 802,8
Gjennomsnittleg rådeveldekapital (mill.)	5 034,9	4 645,8
Kostnader i prosent av inntekter	50,3	43,7
Tap i prosent av brutto utlån	0,05 %	0,02 %
Innskotsdekning	88,1 %	84,8 %

Alternative resultatmål er antan justerte nykeltal eller nykeltal som ikkje er definert under IFRS. Voss Sparebank nyttar alternative resultatmål i årsmelding og rekneskap for å gje tilleggsinformasjon om korleis banken vert drifta.

Rådeveldekapital

er summen av av banken sine eigenlutar, og likeeins summen av banken si gjeld og eigenkapital.

Gjennomsnittleg rådeveldekapital

er rekna på månadsbasis for rekneskapsåret.

Kostnader i prosent av inntekter

er sum driftskostnader i prosent av sum inntekter unnateke vinst på valuta og verdipapir.

Tap i prosent av utlån

er tap på utlån, garantiar og trekkrettar i prosent av brutto utlån til og fordringar på kundar.

Innskotsdekning

er innskot frå kundar i prosent av brutto utlån til og fordringar på kundar (inkludert lån som er overførde til Verd Boligkreditt).

Rein kjernekapitaldekning

er banken sin teljande eigenkapital (etter tillegg og frådrag) i prosent av risikovekta eignelutar (sjå note 10). Voss Sparebank har ikkje anna enn rein kjernekapital, og summen er soleis lik også for kjernekapital og eigenkapital.

Utlånsvekst

er netto auke (nye lån minus nedbetaling på lån) i prosent av brutto balanseførde lån.

Innskotsvekst er netto auke (nye innskot minus uttak) i prosent av brutto balanseførde innskot. Godskrivne renter er ein del av denne veksten.

PM-kundar

er privatkundar som er registrerte med sektorkode 8500 (innanlandske) og 9800 (Utanlandske).

BM-Kundar

er bedriftskundar, andre kundar enn PM-kundar, bankar og finansføretak.





#elskarvoss





RSM Norge AS

Strandavegen 11, 5705 Voss
Boks 136, 5701 Voss
Org.nr: 982 316 588 MVA

T +47 56 52 04 00
F +47 56 52 04 01

www.rsmnorge.no

Til generalforsamlinga i Voss Sparebank

Melding frå uavhengig revisor

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Me har revidert Voss Sparebank sin årsrekneskap som er samansett av:

- selskapsrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2020, resultatrekneskap, oppstilling over endringar i eigenkapital og kontantstrømoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, og
- konsernrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2020, resultatrekneskap, oppstilling over endringar i eigenkapital og kontantstrømoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- er årsrekneskapen utarbeidd i samsvar med lov og forskrifter
- gir selskapsrekneskapen som følgjer med eit rettvisebilete av den finansielle stillinga til Voss Sparebank per 31. desember 2020 og av banken sine resultat og kontantstrømar for rekneskapsåret som blei avslutta per denne datoen i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsett av EU.
- gir konsernrekneskapen som følgjer med eit rettvisebilete av den finansielle stillinga til konsernet Voss Sparebank per 31. desember 2020 og av konsernet sine resultat og kontantstrømar for det avsluttande rekneskapsåret i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsett av EU.

Grunnlag for konklusjonen

Me har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Me er uavhengige av banken og konsernet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og me attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

THE POWER OF BEING UNDERSTOOD

AUDIT | TAX | CONSULTING

RSM Norge AS is a member of the RSM network and trades as RSM. RSM is the trading name used by the members of the RSM network. Each member of the RSM network is an independent accounting and consulting firm which practices in its own right. The RSM network is not itself a separate legal entity in any jurisdiction.

RSM Norge AS er medlem av/is a member of Den norske Revisorforening.



Melding frå uavhengig revisor 2020 for Voss Sparebank

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den og årsrekneskapen eller kunnskap me har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom me konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er me pålagde å rapportere det. Me har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og adm. banksjef sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og adm. banksjef (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsett av EU. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen er leiinga ansvarleg for å ta standpunkt til banken og konsernet si evne til å halde fram med drifta, og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen med mindre leiinga enten har til hensikt å avvike konsernet eller leggje ned verksermda, eller ikkje har noko realistisk alternativ til dette.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tek basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver me profesjonelt skjønning og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår me risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Me utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, medvitne utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider me oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av banken og konsernet sin interne kontroll.
- evaluerer me om rekneskapsprinsippa som er nytta, er føremålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer me, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden ved fastsetjing av årsrekneskapen er føremålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape vesentleg tvil om banken og konsernet si evne til å halde fram med drifta. Dersom me konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må me i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at me modifiserer konklusjonen vår. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at banken og konsernet ikkje held fram med drifta.



Melding frå uavhengig revisor 2020 for Voss Sparebank

- evaluerer me den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggssopplýsingane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilete.
- innhentar me tilstrekkeleg og føremålstenleg revisjonsbevis knytt til den finansielle informasjonen til einingane eller forretningsområda i konsernet for å kunne gi uttrykk for ei meining om den konsoliderte årsrekneskapen. Me er ansvarlege for å leie, følge opp og gjennomføre konsernrevisjonen. Me åleine er ansvarlege for vår revisjonskonklusjon.

Me kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Me utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som me har avdekkja i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Me gir styret ei melding om at me har etterlevd relevante etiske krav til uavhengigheit, og om at me har kommunisert og vil kommunisere med dei alle relasjonar og andre tilhøve som innanfor rimelege grenser kan tenkjast å kunne påverke uavhengigheita vår, og der det er relevant, om tilhøyrande åtgjerder.

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner me at opplysningane i årsmeldinga og i utgreiinga om samfunnsansvar om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til resultatdisponering er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar me har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner me at leiinga har oppfylt plikta si til å syta for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av banken og konsernet sine rekneskapsopplýsingar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Voss, 3. mars 2021
RSM Norge AS


Harald Bjøtveit
statsautorisert revisor